



VERSJON: PLANFRAMLEGG



SKULEBRUKSPLAN FOR TYSNES KOMMUNE 2011-2026



Føreord

Tysnes kommune skal no få sin første skulebruksplan. Kommunestyret gjorde vedtak i november 2010 om å få laga ein skulebruksplan som skulle koma føre i kommunestyret i juni 2011. Arbeidsgruppa har arbeidd godt og effektivt, og det ser ut for at planutkastet skal vera klart for handsaming i kommunestyret i juni.

Utval for oppvekst og omsorg har vore styringsgruppe for prosessen, og formannskapet har vorte halde orientert. Styringsgruppa har hatt to møte saman med arbeidsgruppa for å ta stilling til arbeidet som var gjort.

Over fleire år har skulestruktur og skulenedlegging vore tema ved utarbeiding av budsjetta i kommunen. Når det vert gjort i budsjetthandsaminga, vert det stort sett dei økonomiske sidene ein fokuserer på. Difor var det på høg tid me kom i gong med skulebruksplanen der andre sider ved skulestrukturen skal vektleggjast. Med ein relativ sterk nedgang i elevtalet i åra som kjem, vil økonomi måtta tilleggjast vekt, men dei pedagogiske og sosiale sidene må telja mykje i vurderingane.

Det er viktig at me vedtek ein skulebruksplan som er robust og gjev ro rundt skulen i Tysnes framover. Tysnessamfunnet vil tena mykje på at me slepp å få opprivande drøftingar om skulestrukturen. Føresetnaden er til stades no når skulebruksplanen vert meisla ut frå pedagogiske, sosiale og økonomiske omsyn

Helge Hauge
Ordførar



SAMANDRAG

Oppvekst er, ved sida av helse-og sosial det store tenesteområdet i kommunen. Tenesta omfattar i 2010 5 skular (Reksteren skule er vedteken lagt ned frå hausten 2011) og om lag 335 elevar. I tillegg har ein 4 barnehagar med om lag 110 barn, og tenesteområdet har ca. 100 tilsette innafor skule, kulturskule, barnehage og vaksenopplæring til saman.

Som ordføraren skriv i føreordet har struktur og skulenedleggingar vore tema ved budsjettprosessen gjennom fleire år. Den økonomiske situasjonen med nedgang i elevtalet, sviktande inntekter og store investeringsbehov har vore med på å gjera stoda utrygg både for elevar, foreldre og tilsette.

Føremålet med denne planen er å gi politikarane eit godt grunnlag når kommunen sin framtidige skulestruktur skal utmeislast slik at ein unngår opprivande årlege diskusjonar. Planen er vidare utarbeidd med tanke på å vera eit langsiktig styringsverktøy for heile kommunen – både administrasjon og politisk mynde.

Elevtalsutviklinga

Elevtalet i Tysnesskulen har gått jamt og trutt tilbake gjennom dei seinaste 8-10 åra, og denne tendensen vil halda fram dei næraste åra. Prognosane syner at vi når eit botnnivå i skuleåret 2015/2016 med ein elevtalsprognose på ca 280 elevar mot dagens 335. Det er likevel gledelig at pila peikar oppover på sikt, sjølv om desse prognosane vert meir usikre jo lengre fram ein kjem i tid. I dei næraste åra framover vil nedongen i elevtalet medføre reduserte inntekter med frå 2 – 5 millionar kr. årleg.

Når det gjeld prognose for framtidig folketalsutvikling i kommunen syner denne at folketalet truleg vil vera rimeleg stabilt.

Kvalitet i Tysnesskulen.

Kvalitet i skulen har fått brei plass i denne planen. Så vel politikarar og administrasjon som tilsette og foreldre står saman om at det er viktig å ha eit kvalitativt godt undervisningstilbod for alle elevane i kommunen. Skal vi oppretthalda den kvaliteten vi har i dag, er det imidlertid viktig at også driftsnivået vert oppretthalde, noko som er heilt avhengig av at det vert gjort nokre strukturelle grep. Rektorane har elles samla seg om ein felles visjon og ein felles pedagogisk plattform for skulane i kommunen, noko som gir eit godt grunnlag for vidare utvikling av undervisningstilbodet. Men det er sjølvsagt svært viktig at også politisk nivå stiller seg bak dette.

Elles er det på mange måtar innføringa av kunnskapsløftet i 2006 som legg føringar for kvalitetsarbeidet i skulen der dei fem grunnleggjande dugleikene er sentrale:

- å kunne uttrykkja seg munnleg
- å kunne lesa
- å kunne uttrykkja seg skriftleg
- å kunne rekna
- å kunne bruke digitale verktøy

Desse dugleikene skal integrerast i alle fag og på alle nivå.



Eksisterande skular og skulebygg.

I kapittel 3 er det gjort greie for status og kort presentasjon av skuleanlegga. Ei meir detaljert presentasjon ligg føre i vedlegget til planen. Den tekniske tilstanden og skulane som fysisk læringsarena vert vurdert som god. Det er alt gjort store grunnlagsinvesteringar i fleire skulebygg, og slik stoda er i dag, er det først og fremst Tysnes skule som har behov for oppgradering og rehabilitering.

Sentrale moment i utgreiing av alternative skulestrukturar.

Utvikling i barnetal, reisetid, kostnader til barnehage-/skuledrift, drift av bygningar og skuleskyss samt trong for investeringar står sentralt i samband med utgreiing av ein eventuell endring i skulestrukturen i kommunen. *Det mest sentrale element i ei slik utgreiing er likevel omsynet til barna, og at dei skal få eit mest mogeleg likeverdig og godt skuletilbod.*

Når det gjeld storleiken på skulane står kommunen fritt til å velja korleis ein vil ha det. Opplæringslova set ikkje absolutte grensar for dette, men tilrår ikkje at ein etablerer skular på over 450 elevar. Sjølv med full sentralisering av skuletilbodet (ein skule) vil ein ikkje nå opp i denne storleiken i Tysnes kommune. Opplæringslova gir heller ikkje tilråding med omsyn til kor små einingane skal vera, men Tysnes kommune har vedteke at ein ikkje skal ha udelte skular, dvs skular med 12 elevar eller mindre.

Det er elles verd å merka seg at kunnskapsløftet legg opp til ein todeling av grunnskuletilbodet, eit barnesteg frå 1.-7. årssteg og eit ungdomssteg frå 8.-10. årssteg. Ein bør difor i utgangspunktet ikkje etablere einingar med 1.-4. årssteg eller 5.-10. årssteg slik som ein for tida har i Tysnes kommune. Når det gjeld kombinerte skular med 1.-10. årssteg gir desse høve til å følgja opp elevar og foreldre gjennom eit heilskapleg skuleløp. Det sosiale miljøet på slike skular er òg ofte "mjukare" enn på reine ungdomsskular grunna det store spennet i elevmassen.

Når det gjeld oppvekststun-modellen, som mange kommunar har vald å satsa på, så er det fleire gode grunnar til å etablere denne type einingar. Det kan t.d. gjera det mogeleg å oppretthalda grendaskulen og barnehagen trass i eit lågt elevgrunnlag, og det gir gode høve for samarbeid mellom barnehage og skule etter ein pedagogisk tanke om livslang læring. Når arbeidsgruppa likevel ikkje finn å kunne tilrå dette i Tysnes kommune, er det på grunn av dei økonomiske konsekvensane. Denne type einingar er etter måten dyre i drift og utløyser ikkje reelle innsparingar i høve til dagens struktur. Mel.a. er ein bunde opp av bemanningsnormer som er avtalestyrt. Arbeidsgruppa kan ikkje sjå at kommunen har råd til å driva etter dette konseptet i åra framover.

Alternative skulestrukturar.

Arbeidsgruppa har vurdert ei rekkje ulike alternativ ut frå pedagogiske, sosiale, demografiske og økonomiske grunnar. I planen har ein imidlertid vald å presentere seks mogeleg alternative inklusiv alt.0 som er dagens situasjon eks. Reksteren skule. Desse løysingane inneber drift ved ein, to eller tre skular. Ved dei to skulane Lunde og Onarheim har ein vurdert eventuell drift for 1.-6. årssteg. Å tilbakeføra 7. årssteg har òg vore vurdert, men arbeidsgruppa har vald å forhalda seg til gjeldande



kommunestyrevedtak som inneber at 7. årssteg skal gå på Tysnes skule. Dei ulike alternativa er elles presenterte med kostnadsoverslag for drift, og naudsynte investeringar. Arbeidsgruppa har her vald å leggja seg på det mest sannsynlege senariat, men på ei rekkje årssteg står det på pluss/minus ein elev før det utløyser ein ny klasse eller blir ein klasse mindre. Kommunen har rekna ut at ein klasse i gjennomsnitt har ein kostnad på ca 1,3 mill. inkl. sosiale utgifter og eks. spesialundervisning.

Tilrådinga frå arbeidsgruppa.

Etter ei samla vurdering tilrår arbeidsgruppa at kommunestyret vurderer val av løysingar som inneber drift av ein eller to skular som framtidig strukturløysing for Tysnes kommune. Gruppa tilrår at ein prioriterer mellom alternativ 1 (Tysnes skule som sentralskule), 2a (Tysnes og Uggdal skule) og 2b (Tysnes og Onarheim skule) som framtidig løysing. Situasjonen med omsyn til ny barnehage er sentral i desse alternativa. Eitt av dei (alt. 2a) medfører bygging av ny barnehage, medan det for dei to andre er ein føresetnad at Uggdal skule vert omgjort til framtidig sentralbarnehage for kommunen. Arbeidsgruppa peikar likevel på i oppsummeringa at dersom ein tek dei økonomiske konsekvensane inn over seg, er det i røynda berre alternativ 1 med Tysnes skule som sentralskule for heile kommunen som sikrar eit kvalitativt undervisningstilbod på line med dagens nivå for alle elevane i kommunen.



| | |
|---|-----------|
| Samandrag | 3 |
| 1. PLANGRUNNLAG | 7 |
| 1.1. Innleiing og Bakgrunn..... | 8 |
| 1.2. Mål for planarbeidet | 8 |
| 1.3. Organisering av planarbeidet | 8 |
| 1.4. RAMMEVILKÅR – LOV, REGELVERK OG LÆREPLAN | 9 |
| 2. KVALITET I SKULEN – PEDAGOGISK OG SOSIAL UTVIKLING | 10 |
| 2.1. Kvalitetsmål for skulane i høve innhald | 11 |
| 2.2. Prinsipp for utforming av skuleanlegg i Tysnes..... | 15 |
| 2.3. Rettleiande arealnorm | 20 |
| 3. FAKTAGRUNNLAG OG VURDERINGAR. | 22 |
| 3.1. Eksisterande skulestruktur | 23 |
| 3.2. Skildring av dei einskilde skulane..... | 24 |
| 3.3. Eksisterande barnehagestruktur..... | 26 |
| 3.4. Godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar..... | 27 |
| 3.5. Vedlikehald..... | 27 |
| 4. ELEVTALSUTVIKLING..... | 29 |
| 5. SENTRALE MOMENT I UTGREIING AV ALTERNATIVE SKULESTRUKTURAR | 41 |
| 5.1. Samla presentasjon av alternative skulestrukturar | 50 |
| 5.2. Vurdering av sentrale moment for kvar skule | 51 |
| 5.3. Samla vurdering av alternative skulestrukturar | 55 |
| 5.4. Driftskostnader – konsekvensar | 70 |
| 5.5. Arbeidsgruppa si tilråding | 72 |



1. PLANGRUNNLAG



1.1. INNLEIING OG BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok i møte 02. november 2010 - KS sak 49/10 – at det skulle utarbeidast ein skulebruksplan for Tysnes kommune.

Bakgrunnen for vedtaket er behovet for ein gjennomgang av kapasitetssituasjonen, pedagogiske og sosiale moment, samt ei vurdering av kostnadene i høve eksisterande skuledrift opp mot andre langsiktige strukturløysingar.

Tysnes kommune har i skuleåret 2010/11 fem skular med til saman 340 elevar. Kommunestyret har vedteke nedlegging av Reksteren skule frå hausten 2011. Skulebruksplanen omhandlar difor dei fire skulane som er i drift ved skulestart hausten 2011: Lunde, Onarheim, Uggdal og Tysnes skular.

1.2. MÅL FOR PLANARBEIDET

Mandat

Formannskapet vedtok eige mandat for arbeidsgruppa i møte 18. januar 2011 slik;

“Rådmannen skal innan 1. juni 2011 utarbeida framlegg til skulebruksplan der pedagogiske og sosiale faktorar er rådande. Ein skal vidare ta omsyn til dei demografiske og økonomiske realitetar som kommunen står ovanfor slik at ein byggjer ein berekraftig skule for framtida”.

Dette gjev dei overordna politiske føringane for planprosessen, profilen og arbeidet med planen i arbeidsgruppa.

Planen skal tuftast på pedagogiske og sosiale utviklingsprinsipp samstundes som skulekapasitet, elevtalsutvikling og økonomiske føresetnader vert sentrale faktorarar i høve framtidige tilrådingar om tiltak for å utvikle ein berekraftig skule i Tysnes – med eleven og personalet i sentrum.

Dette plandokumentet syner korleis rådmannen gjennom den nedsette arbeidsgruppa har svart på det politiske mandatet og oppgåva over.

1.3. ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Planarbeidet har vore organisert etter ein tradisjonell kommunal planprosess - med oppvekst/omsorg som politisk styringsgruppe og med ei administrativ arbeidsgruppe beståande av representantar frå foreldre, pedagogisk personale, skuleleiing, rådmannen, Landbruk/Teknisk og arbeidstakarorganisasjonane.

Vidare har det vore lagt vekt på brei deltaking og medverknad frå heile Tysnessamfunnet gjennom løypemeldingar i lokalavisa, på heimesida, eige



folkemøte og høve til å komma med innspel i samband med høyringa / offentlig ettersyn av planen.

Norconsult Bergen har sydd saman konklusjonane frå dei interne drøftingane og vurderingane til eit plandokument. Norconsult har utarbeidd dei oppdaterte folke- og elevtalsprognosane og skuleskildringane i planen.

Rådmannen si interne arbeidsgruppe har hatt slik samansetjing;

- Helge F Kjellebold, skule- og oppvekstsjef
- Tone Hauge Hansen, foreldrerepresentant
- Anne Kristi Alfstad, Utdanningsforbundet
- Steinar Dalland, repr frå rådmannen
- Ivar Erstad, Landbruk/teknisk sjef
- Are Sæverudsø Lygre, rektor Tysnes skule

Norconsult v/ Terje Gregersen har delteke i møter etter behov.

1.4. RAMMEVILKÅR – LOV, REGELVERK OG LÆREPLAN

Det mest sentrale regelverket for ivaretaking av skulemiljøet er særleg knytt til fire lover (med tilhøyrande styresmakter i parentes):

- Opplæringslova (skuleavdelinga i kommunen)
- Kommunehelsetenesteloven (kommunehelsetenesta)
- Arbeidsmiljølova (Arbeidstilsynet)
- Plan- og bygningslova (Landbruk/teknisk i kommunen).

Nærare orientering om desse sentrale lovene er skildra i vedlegget.





VISJON
Tysnesskulen

*Ein skule kor kvar
einskild elev nyttar
sitt faglege potensial
og vert eit trygt og
sjølvstendig
menneske*

2. KVALITET I SKULEN – PEDAGOGISK OG SOSIAL UTVIKLING



2.1. KVALITETSMÅL FOR SKULANE I HØVE INNHOLD

Kunnskapsløftet vart innført i 2006. Den generelle læreplanen er vidareført. Intensjonen er at norske elevar skal verta sett betre i stand til å møte kunnskapssamfunnet med sine utfordringar. Fem grunnleggjande dugleikar skal integrerast i alle fag og på alle nivå:

- å kunne uttrykkje seg munnleg
- å kunne lese
- å kunne uttrykkje seg skriftleg
- å kunne rekne
- å kunne bruke digitale verktøy

Nokre sentrale føringar i høve kvalitet som Tysnes kommune legg vekt på:

- "Skapande læring" er Kunnskapsdepartementet sin Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010. Eit enda betre samspel mellom grunnskulen og kulturskulen er under offentlig utgreiing: "Et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole" er det kalla. Det er ønskjeleg at opplæringa og oppvekstmiljøet skal syast enda tettare saman.
- Bibliotek /mediatek som læringsarena: det betyr at skulane må ha tilgang til fullgode bibliotek.
- Rom for matematikk- og teknologi – inne, ute og virtuelle. Det må leggjast til rette for å styrka realfagsinteressa og - kompetansen til born og unge.
- Lærarrolla og lærarutdanninga skal styrkjast. For framtida vil lærarutdanninga verta meir spesialisert, ikkje ei generell allmennlærarutdanning for grunnskulen. Lærarar skal spesialisera seg for anten 1.-7.trinn, eller med fordjuping i fag for 5.-10.trinn.
- For framtida vil rekruttering av lærarar vera styrt meir inn mot spesialisering.

Pedagogisk plattform:

1. Tilpassa opplæring i eit trygt, tolerant og godt sosialt miljø som fremjar trivsel, mangfald og personleg utvikling hos elevane
2. Fokus på lærelyst og fagleg utvikling
3. Kvalifiserte, profesjonelle og motiverte lærarar og assistentar
4. Trygge, glade og aktive elevar i god fysisk form
5. Gode fysiske rammer og vel fungerande skuleanlegg
6. Aktiv (Omfattande) elev- og foreldremedverknad, godt (aktivt) samarbeid mellom heim og skule
7. Ein skulekvardag prega av ro, orden, god framferd og gjensidig respekt
8. Nulltoleranse for mobbing
9. Ein nytenkande, utviklingsorientert og handlekraftig aktør i Tysnessamfunnet
10. IKT-satsing og tilgang på oppdatert læringsmateriell
11. Fokus på vurdering for læring

Skulefritidsordninga vart lovfesta 1.1.1999, med forankring i Opplæringslova § 13-7.

Krav til eit godt fysisk og psyko-sosialt miljø gjeld òg i SFO, Opplæringslova § 9a-8.

Vedtektene for SFO i Tysnes kommune vart vedteke i oppvekst/omsorg 9/5-2001. Det har seinare vore gjort mindre endringar m.a. i takstane.



Pedagogiske føringar:

Desse pedagogiske måla bør leggjast til grunn for den vidare utviklinga av skuleanlegga i Tysnes kommune:

- Skapa eit godt fysisk og psykososialt arbeids- og læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Blikk for den einskilde – sikra at eleven som positiv ressurs får utvikla sine evne og talent både individuelt og i samarbeid med andre.
- Fremja tilpassa opplæring der eleven sitt behov set rammer for korleis skuledagen vert utforma.
- Fokusera på måloppnåing, ikkje arbeidsmengde, og nytta varierte arbeidsmetodar som hjelper eleven å nå måla.
- Skapa eit læringsmiljø basert på tillit og medansvar.
- Leggja til rette for reell elevmedverknad og at elevane kan ta bevisste verdival og val av utdanningsveg.
- Leggja til rette for at elevane får utvikla evne til å visa omsorg og samarbeida om det som er til det beste både for einskildeleven og fellesskapet.
- Skapa rom for godt samarbeid mellom heim og skule, og sikra dei føresette sitt medansvar i opplæringa.
- Sikra at lokalsamfunnet vert involvert i opplæringa.
- Leggja til rette for internasjonalt samarbeid.

§13-4 Opplæringslova:

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg,[...] Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss,[...] Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelvar.

Skuleskyss og reisetid

I kommunestyrevedtaket om å leggja ned Reksteren skule frå hausten 2011 vart det i tillegg vedteke at det måtte opprettast eit tilfredsstillande skysstilbod for elevane ved skulen. Vidare vart kommunen oppmoda om å greia ut kva som er forsvarleg reisetid for elevane i kommunen.

Utdrag frå kommunestyresak 49/10:

“Før endeleg vedtak om nedlegging av skuletilbodet ved Reksteren skule kan setjast i verk, må det utarbeidast ei forsvarleg transportløyising, der ein tek omsyn til tryggleiken til den enkelte elev, forsvarleg transportveg og tida den enkelte elev må tilbringa på skuleveg. Tysnes kommune bør òg koma med ei vurdering av kor lang tid ein kan påleggja enkeltelevar å bruka på dagleg skuleskyss.”

Kommunane får kvart år tilsendt skysshandboka med reglement for grunnskulen. I siste utgåva av handboka som gjeld for inneverande skuleår les vi følgjande under punkt 9.3 Akseptabel reisetid: *“Skoleskyssen skal organiserast slik at elevane får ein akseptabel reisetid. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir eleven sin alder vektlagt.”*



Det er såleis ikkje noko øvre grense for akseptabel reisetid slik lova er no. Det blir difor opp til den einskilde kommune å vurdera kva som er akseptabel reisetid for elevane innafor det gjeldande regelverket.

I og med vedtaket om å leggja ned Reksteren skule vil i alt 7 elevar få betydeleg lengre reisetid frå og med skuleåret 2011/2012. Ei eventuell ytterlegare endring i skulestruktur i kommunen på eit seinare tidspunkt kan kome til å påverka fleire elevar. Særleg elevane på Onarheim-sida vil måtte tola lengre reisetid på etter måten dårlege vegar om denne skulen på sikt skulle bli lagt ned.

Det er vanskeleg å seie kva som er akseptabel reisetid for elevane i ein kommune som Tysnes. Både alder og vegstandard er element som må vurderast. I følgje det gamle regelverket såg ein 60 min kvar veg som akseptabelt for elevar frå 5. -7. klasse, 45 min. for elevar på småskulesteget og 75 min. for elevar på ungdomssteget. Men desse tala er som før nemnd ikkje lengre styrande. Målsetjinga bør difor vera å halda reisetida på eit så lågt nivå som praktisk mogeleg – innafor gode pedagogiske og økonomisk forsvarlege rammer.

2.1.1. Utfordringar og vegen vidare

Det 13-årige løpet: Kunnskapsløftet viser samanhengen mellom ungdomssteget og vidaregåande i dei gjennomgåande fagplanane. Det er no sett i gong prøveprosjekt med sikte på å byggja opp felles ungdoms- og vidaregåande skular, altså felles skular for aldersgruppa 13-19 år. Ein god overgang til vidaregåande skule frå ungdomssteget avheng av aktiv utdannings- og karriererettleiing og hospitering på vidaregåande skular i regionen. Gjennom langsiktig samarbeid med partane i arbeidslivet kan det utviklast utdanningstilbod som fremjar regional utvikling både i form av verdiskaping og samfunnsutvikling generelt. Det er eit mål å få betre samsvar mellom verksemdene sine kompetansebehov og elevane sine ønskje.

Praktiske fag på ungdomssteget: Ungdomssteget har med innføringa av Kunnskapsløftet vorte meir teoretisk, men med høve til stor metodefridom. Behov for meir praktiske fag er blitt påpeika. Det er sett i gong eit nasjonalt prøveprosjekt for å prøva ut arbeidslivsfag, som er eit nytt, praktisk fag på ungdomssteget.

Lærlingar: Kommunen treng kvalifiserte barne- og ungdomsarbeidarar, fagarbeidarar, i skulen. Det bør tilretteleggjast for at tilsette som er ufaglærte får tilbod om etter-/ vidareutdanning innan faget.

Samarbeid med universitet og høgskule tilfører det pedagogiske personalet diskusjon og refleksjon omkring pedagogisk teori, metode og praksis. Skulane i Tysnes skal vera positive til samarbeid, prøveprosjekt og utviklingsarbeid med både UH-sektoren og med utdanningsdirektoratet. Den nye vidareutdanningsreforma som er eit samarbeid mellom Udir, KS og den einskilde kommune vil danna grunnlaget for satsinga i åra framover.

Kontakt mellom skulane og lokalmiljøet er godt i Tysnes. Skulane kan verta enda meir aktiv i samarbeidet med næringslivet og ulike organisasjonar. Her er potensiale for skulane til utvida samhandling.



Sambruk skule – fleirbrukshall: Sambruk mellom skule og idrettshall eller fleirbrukshall vert i mange høve kalla "eit columbi egg". For å lykkast i arbeidet med tilpassa opplæring for alle elevane og auka bruken av meir elevaktive metodar, vil nærleik mellom skulen og Tysneshallen vera avgjerande. Slik stoda er i dag, er det nok kun elevane ved Tysnes skule som fullt ut får dra nytte av dette. Ei eventuell framtidig flytting av elevar til denne skulen vil i så måte kunne utløysa ein positiv effekt. Når ein bruker ulike læringsstrategiar og kan nyttiggjera seg forskjellige typar areal, kan einskildelevar få utvikla alle sine evner og anlegg. Fysisk aktivitet er no forskriftsfesta 2 timar for veka i 5.-7.trinn og kjem i tillegg til faget kroppsøving. Registrert vektauke blant born og ein meir og meir stillesitjande kvardag òg for born og unge, er utløysande faktorar for at fysisk aktivitet skal prioriterast i skulen. Tysnes kommune har over fleire år satsa systematisk på m.a. ernæring og fysisk fostring.

Basseng: Symjeopplæring er lovpålagt. Å symja er ein livsviktig ferdigheit og i tillegg god fysisk aktivitet for folk flest. Etter fagplanane for kroppsøving skal elevane vera symjedyktige i 4.klasse. I Tysnes er det ei ekstra utfordring for organiseringa at mange av våre elevar må transporterast til bassenget ved Tysnes skule. Skyssen til eller frå bassenget tar tid frå andre fag/tema, og betyr i tillegg ekstra driftsutgifter. Det er òg ei utfordring av den tekniske tilstanden på symjebassenget på langt nær er tilfredsstillande. Det er kun eit spørsmål om tid før eit omfattande og kostnadskrevjande vedlikehaldsarbeid må setjast i gong.



2.2. PRINSIPP FOR UTFORMING AV SKULEANLEGG I TYSNES

Tysnes kommune har i forkant av dette planarbeidet utført omfattande og kostnadskrøvande investeringstiltak på Uggdal og Onarheim skular. Uggdal er rehabilitert for 14 mill. kroner med tanke på å vidareføra bygget som ein framtidig arena for pedagogisk verksemd. Ved Onarheim skule er det utført store naudsynte utbetringar - primært for å stette lov- og forskriftsmessige miljøkrav i høve miljøretta helsevern.

I den vidare utviklinga av skuleanlegg i kommunen bør det leggjast vekt på å skapa læringsareal som er fleksible og som kan tilpassast endringar i elevtal, varierte arbeidsmåtar og ny organisering.

Grunnleggjande premiss for utforming av bygningsmassen og andre sentrale føringar for utforming av dei ulike hovudfunksjonane i vidareutviklinga av skulane i Tysnes er oppsummert i avsnitta under.

2.2.1. Generell målsetting

Skuleanlegga må vere generelle, fleksible, universelt utforma og arealeffektive. Vidare må nye kommunale bygg stette strenge energi, miljø- og klimakrav.

Disponering av tomt og innhald i bygningsmassen skal, uavhengig av organisasjonsformar, læringsformar og skiftande elevtal, skape gode fysiske omgjevnader som gjev grunnlag for eit godt læringsmiljø og eit attraktivt arbeidsmiljø både for barn og vaksne. Skulane bør dimensjonerast for om lag 10% fleire elevar enn det elevtalsprognosane angir, for å ta høgda for varierende storleik på årskulla.

2.2.2. Grunnleggjande premiss

Tilpassa opplæring

Elevane er ulike og har difor ulikt utgangspunkt i høve tileigning av læring. Eit sentralt prinsipp i einingsskulen er at opplæringa skal tilpassast den einkilde elev og eleven sitt kunnskapsnivå. Tilpassa opplæring handlar om å møte elevmangfaldet med varierte pedagogiske metodar og verkty. Dette vil krevje ulik tilrettelegging med ulike pedagogiske tilnæringsmåtar. Skuleanlegga bør difor leggjast til rette for å skape breidde i opplæringstilboda.

Mangfald og fleksibilitet

Opplæringa bør organiserast i mange ulike mønstre. Ulik gruppestorleikar, aktivitetar, varierte pedagogiske arbeidsmåtar som gjev mangfald og fleksibilitet bør vera sentrale stikkord når skular skal byggast om eller utbyggast. Skulebygningen må leggjast til rette for sosial kontakt, for individuell fordjuping, for formidling, for praktisk tilnærming, - og ikkje minst tilretteleggast for at det kan gjennomførast ulike aktivitetar på same tid.

Erfaringar tilseier at det kan vere hensiktsmessig å gjere ei ansiktsløfting for heile bygningen når ein skule vert utbygd eller ombygd - ikkje berre den delen som vert nybygd/ombygd.



Læraren si rolle

Læraren er skulen sin mest sentrale ressurs. Læraren har rolla som formidlar, rettleiar og omsorgsytar. Difor må læringsareala utformast slik at læraren har nærleik til sine elevar - og omvendt. Areala må vere slik at læraren har oversikt og kontroll på elevgruppa.

Skulen som lærande organisasjon

Ein sentral føresetnad for å utvikle livslang læring ved skulen - er å tilretteleggje for gode møte- og samhandlingsarena på skulen som sikrar god kontakt mellom tilsette, føresette og andre samarbeidspartar. Ved å utvikle eit stort repertoar av arbeidsmetodar, organisering, kommunikasjonsformer, teknologi, mv kan ein lettare etablere interne kulturar for pedagogisk utviklingsarbeid.

Varierte læringsmiljø / varierte læringsareal

Læring inneberer kommunikasjon og interaksjon mellom lærar og elev. Skulebygget bør tilby areal som har stor variasjon:

- frå ope til skjerma
- frå allrom til spesialiserte rom
- frå ro og konsentrasjon til aktivitet og utfolding
- frå fellesskap til individ

2.2.3. Sentrale føringar for utforming av dei einsskilde hovudfunksjonane

Generelt læringsareal

Eit årssteg eller ei aldersblanda elevgruppe skal høyre til i eit klasserom eller heimeareal. I tillegg kjem grupperom og formidlingsrom som gjerne kan delast mellom fleire elevgrupper. Varierte og praktiske arbeidsmetodar krev fleirfunksjonelle areal/klasserom. Tilpassa opplæring vil innebere at ikkje alle elevane gjer det same samstundes. Nokon kan arbeide i mindre grupper, andre arbeider individuelt på sin pult/stasjon. Dette krev areal som gjer at lærarane kan gjennomføre ulike opplegg etter individuelle læringsbehov.

Spesialisert læringsareal

I tillegg til generelt læringsareal har skulane behov for rom som er utforma med stasjonært og spesialisert utstyr. Døme på spesialisert læringsareal er gymsal, kjøkken, bibliotek/mediatek, musikk, realfag, kunst og design. Behova for spesialiserte læringsareal melder seg særleg på mellomsteget og utover. Ungdomssteget skal ha store og gode spesialiserte areal. Det er ingenting i vegen for å utforme spesialromma med tanke på fleirbruk og dekke behova for fleire funksjonar. Talet på spesialrom må vurderast ut frå det samla elevtalet og storleiken på kvar skule. Areal til mat kan kombinerast med kantine og andre storstovefunksjonar. Nye skulebygg bør leggjast til rette med tanke på framtidig servering av varm mat (storkjøkkenfunksjon).



Kulturskule

Dei tilsette i kulturskulen disponerer ikkje felles kontor- og administrasjonslokalar. Samstundes driv skulen ei desentralisert verksemd som medfører at lærarane er mykje på farten rundt i kommunen. Det er difor ynskjeleg at dette fagmiljøet får tilgang til eige administrasjonslokalar for å utvikle eit meir samlande pedagogisk miljø for dei tilsette i Kulturskulen.

Samlingsrom

Skulane i Tysnes bør ha mogelegheiter til å samla samtlege elevar og tilsette i eitt stort areal i skulen. Dette kan vere i eit atrium/aula/kantine eller i ein gymsal/idrettshall. Fleire skular har planlagt idrettshallar/gymsalar i samband med musikk- og småsalsfunksjonar gjerne med felles scene- og utstysrom. Kjøkenfunksjonen i skulen kan med fordel vere plassert i nærleiken til samlingsrommet.

Garderobar og trafikkareal

Skulane bør ha ein klårt definert hovudinngang, og så langt som råd - desentraliserte inngangar for ulike årssteg. Nye skulebygg vert normalt bygd med separate inngangar, garderobe- og toalettfasilitetar for kvar klasse/elevgruppe. Småskulesteget vil ha behov for ein våtgarderobe og ein tørrgarderobe. Elevar på ungdomssteget vil ha behov for låsbare skap. Reine og skitne/tørre og våte sonar bør innførast som tiltak for å betre innemiljøet og redusere vedlikehaldet. Dette fordrar gode garderobar nær inngangsparti og bruk av innesko. Gang- og trafikkareal bør ikkje utviklast som lange korridorar og helst bør desse utnyttast som ein forlenga del av læringsarealet. Her må ein samstundes unngå forstyrrende gjennomgangstrafikk i læringsareala.

SFO

Alle skular med barnesteg bør ha eit eige SFO tilbod som ein integrert del i skulebygningen. Nye SFO-basar bør planleggjast med tanke på ei framtidig innføring av heildagsskulen. SFO bør lokaliserast i nærleiken til småsteget, og bør i tillegg til ein liten base - ta utgangspunkt i sambruk med småsteget.

Arbeidsrom for lærarar

Arbeidsplassane skal stette arealkrava til kontorarbeidsplassar – p.t. 6 m² pr arbeidsplass. Arbeidsromma skal dekke behova for individuelt kontor- og teamarbeid. Tilpassa opplæring og varierte undervisningsformer fordrar eit tett lærarsamarbeid. På grunn av behov for faglege drøftingar, god informasjonsflyt og sams planlegging, er det ein fordel at lærarane på kvart årssteg/elevgruppe disponerer felles arbeids- og møterom. I møteromma kan det utførast elevsamtalar, telefonar til føresette, o.a. Ei lokalisering attmed det faste læringsarealet kan vere praktisk.

Administrasjon

Skulen sin administrasjon bør liggje i nærleiken til hovudinngangen. Det kan vere behov for rom til resepsjon/forkontor, kontor til rektor/einingsleiar/inspektør/rådgjevarar, PPT/logopedar, helsesøster (støttefunksjonar). Ofte kan det vere hensiktsmessig med eit eller fleire



møterom i samband med desse funksjonane. Fleire har og valt å leggja personalrom og personalgarderobar med toalett og kopirom her.

Lager

Gode lagerrom bør planleggjast som ein integrert del av alle hovudfunksjonane i ein skule. Nærlager til læringsareal, lagerrom i spesialareal (gymsal, musikkrom, bibliotek/mediatek, o.a.) og stollager til samlingsrom er berre nokre døme på viktige lagerfunksjonar. Utstyr, bøker og materiell krev ofte større plass i røynda enn på teiknebrettet. Samstundes er det viktig at skulane ikkje tek vare på alt, men og kvittar seg med det ein ikkje lengre har bruk for.

Inventar og utstyr

Inventar og utstyr er ein suksessfaktor for å tilretteleggje skulen for den indre verksemda. Det er viktig at skulane får kontinuerleg utskifting av inventar. I samband med byggeprosjekt vil det vere fornuftig å gjennomgå alt inventaret på skulen. Nytt inventar skal ha ei fleksibel utforming og det skal vere lett å møblere om.

IKT

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi er ein del av kvardagen og naturlege hjelpemiddel i opplæringa. Å kunna bruka digitale verkty er ein av dei grunnleggjande dugleikane. Skulane i Tysnes har satsa på bærbare PC-ar til alle lærarane, og trådløs tilkopling til internett er installert på skulane. Skulane har etter ein opptrappingsplan stor pc- tettleik for elevane, og læringsplattforma it's Learning er innført. God kvalitet på maskinvare, og opplæring i relevant pedagogisk programvare er grunnleggjande for å ha nytte av pc som eit hjelpemiddel. Alle skulane har ei eller fleire elektroniske tavler.

Fokus på etiske haldningar, på tryggleik og på fordelar og ulemper ved bruken av IKT, er svært viktige tema i opplæringa generelt. I samband med forskriftsendring om individuell vurdering for læring, kan læringsplattforma nyttast til dokumentasjon og samarbeid med heimen.

Digitalt utstyr utfordrar skulen sin tradisjonelle legitimitet innan struktur, fag og evaluering. Oppgåver kan hentast på nett, spørsmål kan Googlast og alt kan kopierast, klippast og limast. Informasjonsinnhenting i skulen kan likevel ikkje gå føre seg på ein heilt annan måte enn i samfunnet elles. Det vert derfor skulen si oppgåve å utvikle kritisk sans hos elevane og legge til rette for at utstyret skulen har vert brukt på ein så høveleg måte som mogeleg. Også innan oppbygging av fag og evaluering må ein sjå på datamaskina som ein resurs og ikkje som eit problem. Dette tyder at ein må leggje tenlege tekniske og pedagogiske rammer rund særleg evalueringsprosessar.

Den digitale utviklinga vil også få konsekvensar for skulen og skulebygget. Datamaskin og anna digitalt utstyr er først og fremst verktøy i den pedagogiske kvardagen. Etter kvart eit meir og meir naturleg verktøy i stadig fleire samanhengar. Nasjonale prøver og eksamen vert i større grad



digitale og set dermed maskinpark, system og beredskap på prøve. Dette skapar utfordringar.

Uteområde

Uteområda til skulane har fleire viktige funksjonar å stetta, både til leik, som sosial møteplass og som fagleg læringsarena. Utforminga skal ta omsyn til særpreget for området, og la borna få bruka eigen fantasi og kreativitet i leiken. Ein annan innfallsvinkel er at ein godt utrusta skolegard, med rom for positive aktivitetar, er sentral i arbeidet for å redusera mobbing (jf. Olweus programpakke mot mobbing, ECICSB 1998). Studiar viser at gode uteareal reduserer mengde vold, mobbing og uro blant elevane og stimulerer trivsel, motivasjon og læringsevne.

På line med skulebygningane skal uteområda utformast fleksibelt og variert. Uteområdet skal vere ein stad for målretta læring, fysisk aktivitet, leik, avkopling og sosialt samvær. Uteareala bør i størst mogeleg grad utviklast på barna sine premisser og ha ulike sonar for dei ulike aldersstega.

Kvaliteten på skuleområda kan betrast ved:

- Å behalda og nytta det lokale særpreget, som t.d.bekkar, tre og bakkar.
- vidareutvikla bruken av område utanfor skulen til uteskule
- leggja til rette for uteundervisning, t.d. med overbygd amfi
- utvikla system for gang-, sykkel- og kjørevegar som sikrar god
- trafiksikkerheit, med eigne område for parkering
- leggja til rette for soner for ulike aldersgrupper
- å etablera slitesterke areal, som kan nyttast i sambruk med andre

I utforminga og soneinndelinga av uteområda må ein vurdere behova til dei ulike elevgruppene:

- Barnehagebarn har behov for eit avskjerma område med leikeareal som er tilpassa ulike aktivitetar som sandkasse, sklier og samlingsplass for heile barnegruppa.
- 6-åringane har behov for aktivitet som krev mykje rørsle. Desse borna har trong for å nytte heile kroppen og oppleve mestring. Leikeplass og uteområde bør stimulere dette.
- For 2.-4. årssteg bør skuleplassen gje utfordringar i fysisk aktivitet
- 5. og 6. årssteg prioriterer ofte ulike former for ballspel
- For 7. årssteg er behova for sosialt samvær større og møtestader er viktige for dei.
- Ungdomssteget har både behov for ulike møtestader og areal som inviterer til aktivitet.
- Jenter har andre behov enn gutar – og omvendt. I tillegg må uteområda fungere for barn med nedsett funksjonsevne.



2.3. RETTLEIANDE AREALNORM

Skulane i Tysnes fungerer som nærmiljøanlegg. I framlegget til rettleiande arealprogram er desse funksjonane integrert i skulen sine areal slik at nærmiljøbruken baserar seg på sambruk og fleirbruk.

I samband med Skulebruksplanen for Tysnes kommune er det utarbeidd ein rettleiande arealnorn for skuleanlegg i kommunen. Arealnorma speglar behova for skulestorleikar i dei alternative skulestrukturane seinare i planen. Behovet for ei eventuell utbygging av skulekapasiteten vil først og fremst vere gjeldande i høve strukturval som aukar elevtalet ved Tysnes og Uggdal skular. Ved Lunde og Onarheim skular er det rikeleg med skulekapasitet i høve noverande og framtidig elevtalsutvikling.

Skuleanlegg har ikkje dei same klåre retningslinene for areal som td barnehage. Fleire kommunar har difor valt å utarbeide eigne normer. Rettleiande arealprogram gjev klåre føringar på dei framtidige hovudbyggningane ved skuleutbyggingar. Arealnorma sikrar likeverdige rammer og forventningar til det samla arealet for skulane. Med ein vedteken arealnorn og eit vedteke arealprogram har kommunen på førehand definert det ytre rammene for skulebygningane. Det betyr at ein innleiingsvis i framtidige ut- og ombyggingar, kan nytta planlegginga på innhaldsdrøftingar, pedagogisk plattform og kvalitet innomhus framfor drøftingar om arealstorleikar og hovudfunksjonar.

| Type areal | Funksjonar | BARNESTEG 1-4 | | | BARNESTEG 1-7 | | | | KOMBINERT 1-10 / 5-10 | | UNGDOMSTEG | |
|--|--|---------------|------------|------------|---------------|------------|------------|------------|-----------------------|------------|------------|------------|
| | | 50 ELEVAR | 100 ELEVAR | 150 ELEVAR | 50 ELEVAR | 100 ELEVAR | 200 ELEVAR | 300 ELEVAR | 250 ELEVAR | 350 ELEVAR | 100 ELEVAR | 150 ELEVAR |
| GENERELT LÆRINGSAREAL | Arbeidsareal, gruppeareal, formidlingsareal, nærlager, garderobar, base for SFO. | 271,5 | 517 | 765,5 | 271,5 | 526 | 1001 | 1502 | 1225 | 1712 | 464 | 696 |
| SPESIALROM | Bibliotek, Mat og helse, Musikk/drama, Naturfag/vekstrom, Kunst og Handverk (KOH) | 40 | 70 | 80 | 220 | 300 | 400 | 505 | 525 | 540 | 540 | 550 |
| IDRETTSAREAL | Gymsal, apparatrom/lager og garderobar | 250 | 250 | 320 | 250 | 250 | 320 | 350 | 350 | 350 | 350 | 350 |
| KANTINE/SAMLINGSROM | Kantine/samlingsrom/amfi/aula | 30 | 50 | 75 | 30 | 50 | 75 | 85 | 80 | 90 | 50 | 70 |
| ADMINISTRASJON OG PERSONAL | Kontor rektor, kontor ped. personale, forkontor, kopi/produksjon, arkiv/rekvisita, møterom, personalrom, lærararbeidsplassar, elevtenestar, garderober/toaletter. | 118,6 | 211 | 251 | 118,6 | 211 | 273,2 | 385,3 | 304,1 | 386,8 | 211,5 | 256 |
| ANDRE AREAL | Fjemplager for skulen, lager og bøttekott for reinhaldspersonell, eigar sitt rom, kjølerom, avfallsrom, tele- og datarom (tekniske rom inkl. i påslag/b/n-faktor). | 75 | 85 | 95 | 75 | 85 | 105 | 120 | 110 | 125 | 85 | 95 |
| SUM NETTOAREAL | | 785 | 1183 | 1587 | 965 | 1422 | 2174 | 2947 | 2594 | 3204 | 1701 | 2017 |
| SUM BRUTTOAREAL | 35 % påslag på nettoareal; tekniske rom, veggjar, trafikkareal, inngangsparti/foajé, møteplassar m.m. | 1060 | 1597 | 2142 | 1303 | 1920 | 2935 | 3979 | 3502 | 4325 | 2296 | 2723 |
| Samla bruttoareal utan kroppøving | | 723 | 1260 | 1710 | 966 | 1583 | 2503 | 3507 | 3030 | 3852 | 1823 | 2251 |



| RETTLEIANDE AREALPROGRAM FOR SKULAR I TYSNES KOMMUNE | | | | | | | | | | | | | |
|---|------------------------|-------------|-------------|-------------|-----------------|-------------|-------------|-------------|-----------------------|---|------------|---------------------------------------|-------------------|
| NØKKELTAL | BARNESTEGET 1-4 | | | | BARNESTEGET 1-7 | | | | KOMBINERT 1-10 / 5-10 | | | UNGDOMSTEG 100 ELEVAR / 150 ELEVAR | MERKNAD |
| | 50 ELEVAR | 100 ELEVAR | 150 ELEVAR | 200 ELEVAR | 50 ELEVAR | 100 ELEVAR | 200 ELEVAR | 300 ELEVAR | 250 ELEVAR | 350 ELEVAR | 100 ELEVAR | | |
| Elevlar (dimensjonerande) | 50 | 100 | 150 | 200 | 300 | 250 | 350 | 100 | 150 | Bør ligge om lag 10% over elevtalet i prognosen Talet på heimebasar vil avhenge av vald organisering. Herrekna 25 elevlar pr base. | | | |
| Heimebasar | 3 | 4 | 6 | 7 | 14 | 10 | 14 | 4 | 6 | | | | |
| Adm. personale | 1 | 2 | 2 | 2 | 3 | 2 | 3 | 2 | 2 | | | | |
| Pedagogisk personale | 4 | 10 | 14 | 15 | 23 | 19 | 25 | 10 | 14 | | | | |
| Andre tilsette | 3 | 3 | 4 | 5 | 7 | | | 3 | 4 | reinhaldarar, vaktmeister/driftspersonell, assistentar m.m. | | | |
| AREAL TYPE | BARNESTEGET 1-4 | | | | | | | | | | | | UNGDOMSTEG |
| | 50 ELEVAR | 100 ELEVAR | 150 ELEVAR | 200 ELEVAR | 300 ELEVAR | 250 ELEVAR | 350 ELEVAR | 100 ELEVAR | 150 ELEVAR | | | | |
| GENERELT LÆRINGSAREAL: | | | | | | | | | | | | | |
| Elevane sine arbeidsplassar/basareal | 100 | 200 | 300 | 400 | 600 | 500 | 700 | 200 | 300 | 2 m ² pr. elev | | | |
| Formidling/gruppe/fellesareal | 80 | 160 | 240 | 320 | 480 | 400 | 560 | 160 | 240 | 1,6 m ² pr. elev | | | |
| SFO-base (inkl. lager) | 30 | 40 | 50 | 50 | 65 | 45 | 60 | 60 | 60 | SFO skal ha utstrakt sambruk med "skulen sitt" areal | | | |
| Elevgarderobor og toalett (inkl. HC-toalett) | 53 | 105 | 158 | 210 | 315 | 250 | 350 | 92 | 138 | 1,0 m ² elev på bsk, 1,0 m ² elev på komb, 0,92 m ² elev på usk | | | |
| Nærleger | 9 | 12 | 18 | 21 | 42 | 42 | 42 | 12 | 18 | eit nærleger i kvar base (3 m ²) | | | |
| Sum generell læringsareal: | 272 | 517 | 766 | 1001 | 1502 | 1225 | 1712 | 464 | 696 | | | | |
| SPESIALISERT LÆRINGSAREAL: | | | | | | | | | | | | | |
| Bibliotek | 30 | 50 | 60 | 60 | 75 | 65 | 80 | 80 | 90 | | | | |
| Skulekjøken (med matlager og kjølerom) | 0 | 0 | 0 | 60 | 80 | 80 | 80 | 80 | 80 | | | | |
| Musikk/drama (med lager og øvingsrom) | 0 | 0 | 0 | 80 | 100 | 100 | 100 | 100 | 100 | | | | |
| Naturfag (veikstrom og rom til forsøk) | 10 | 20 | 20 | 60 | 70 | 60 | 60 | 60 | 60 | | | | |
| Kunst og handverk (med lager) | 0 | 0 | 0 | 100 | 140 | 220 | 220 | 220 | 220 | | | | |
| Kroppspøving (salgderobar/lager) | 250 | 250 | 320 | 250 | 350 | 350 | 350 | 350 | 350 | | | | |
| Sum spesialisert læringsareal | 290 | 320 | 400 | 720 | 855 | 875 | 890 | 890 | 900 | | | | |
| ADMINISTRASJON OG PERSONAL: | | | | | | | | | | | | | |
| Kontor for skulen sin administrasjon | 25 | 45 | 45 | 45 | 55 | 50 | 55 | 45 | 45 | rektor, forkontor, inspektør etc | | | |
| Møterom | 15 | 20 | 25 | 25 | 30 | 30 | 35 | 25 | 25 | | | | |
| Kopiar/arkiv/lager/rekvisita/post (adm) | 15 | 20 | 20 | 25 | 30 | 25 | 30 | 20 | 20 | | | | |
| Personalgarderobe/dusj/WC | 10 | 18 | 22 | 24 | 36 | 23 | 31 | 17 | 22 | Garderobe skal ha plass til skap til oppbevaring, 1,-1,-1,2 m ² pr tilsett | | | |
| Personalrom | 20 | 33 | 40 | 44 | 66 | 42 | 56 | 30 | 40 | 2,0-2,2 m ² pr tilsett | | | |
| Lærararbeidsplassar/møterom/prod.rom | 24 | 60 | 84 | 90 | 138 | 114 | 150 | 60 | 84 | 6 m ² pr lærar | | | |
| Sum administrasjon og personal: | 109 | 196 | 236 | 253 | 355 | 284 | 357 | 197 | 236 | | | | |
| ANDRE AREAL: | | | | | | | | | | | | | |
| Samlingsrom/kantline | 30 | 50 | 75 | 75 | 85 | 80 | 90 | 50 | 70 | | | | |
| Elevvesner | 10 | 15 | 15 | 20 | 30 | 20 | 30 | 15 | 20 | Skulehelseføneste, logoped, ppt, rådgjevar (sambruk) | | | |
| Reinhold | 15 | 15 | 15 | 15 | 20 | 15 | 20 | 15 | 15 | Reinholdsentral/bøtekont, med lager | | | |
| Driftspersonell (eigar silt rom) | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | | | | |
| IKT/telefoni | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | 10 | | | | |
| Lager/boder/verksstad/bossrom | 40 | 50 | 60 | 70 | 80 | 75 | 85 | 50 | 60 | Areal vil avhenge av tekniske lysingar (er med i bruttoarealet) | | | |
| Sum andre areal: | 115 | 150 | 185 | 200 | 235 | 210 | 245 | 150 | 185 | | | | |
| Sum nettoareal for skuletype: | 785 | 1183 | 1587 | 2174 | 2947 | 2594 | 3204 | 1701 | 2017 | | | | |
| 35 % påslag, tekniske rom, vegg, traikkareal, inngangsparti/foaje, møteplassar m.m. | 275 | 414 | 555 | 761 | 1032 | 908 | 1121 | 595 | 706 | | | | |
| Samla bruttoareal: | 1060 | 1597 | 2142 | 2935 | 3979 | 3502 | 4325 | 2296 | 2723 | | | | |
| Samla bruttoareal utan kroppspøving | 723 | 1260 | 1710 | 2503 | 3507 | 3030 | 3852 | 1823 | 2251 | | | | |



3. FAKTAGRUNNLAG OG VURDERINGAR



3.1. EKSISTERANDE SKULESTRUKTUR

Tysnes kommune har fire skular og til saman 328 elevar på 1.-10 årssteg skuleåret 2010/2011 (Reksteren ikkje medrekna).

| Skule | Elevtal 2010/11 | Årssteg | M ² BTA** | M ² pr elev | Elevtalskapasitet | Merknad |
|----------------|-----------------|---------|----------------------|------------------------|-------------------|-----------------------------------|
| Lunde skule | 21 | 1.-6. | 1036 | 49,3 | 60 | |
| Onarheim skule | 22 | 1.-6. | 1456 | 66,2 | 60 | Kun 3 klasserom, store spesialrom |
| Tysnes skule | 206 | 5.-10. | 4585 | 22,3 | 230 | |
| Uggdal skule* | 79 | 1.-4. | 1655 | 20,9 | 100 | |
| Heile kommunen | 328 | 1.-10. | 8732 | 26,6 | 440 | |

*) BTA eks. barnehageareal
**) BTA (bruttoareal) inkl. idrettsareal

Tre av skulane er lokalisert nord på øya, medan ein er plassert i sørvest. Tysnes kommune har spreitt busetnad og 73 % av elevane i kommunen har rett på skuleskyss, dei fleste på grunn av avstand mellom skule og heim.





3.2. SKILDRING AV DEI EINSKILDE SKULANE

3.2.1. Lunde skule



Nøkkeltal for skuleåret 2010/11:

| | |
|-----------------------|--|
| Skuletype: | Todelt barneskule 1.-6.årssteg |
| Talet på elevar: | 21 elevar |
| Talet barn i SFO: | 7 barn |
| Kapasitet: | 60 elevar |
| Brutto bygningsareal: | ca 1036 m ² |
| Netto læringsareal: | ca 437 m ² (eks. idrettsareal) |
| Tomteareal: | ca 4,5 mål (målt på www.norgeskart.no) |

| Bygning | Innhald | M ² BTA | Byggeår |
|-----------|--|---------------------|------------------------|
| Skulebygg | 2.etg: 1 klasserom, 2 lagerrom, ventilasjonsrom 1.etg: 3 klasserom, 1 grupperom, 1 PC-rom, 1 formingsrom, elevtoalett, garderobe i korridor, administrasjons og personalareal, Storstova, idrettsareal. | 1036 m ² | 1899, 1984, 2003 |

Vurdering av skuleanlegget

Lunde skule er bygd ut i fleire omgangar og kommunikasjonane i bygget er ikkje gode. Skuleareala er tilfredsstillande. Skulen har mykje areal i høve til elevtalet, noko som gir gode tilhøve for deling av grupper i den grad det er trong for det. 2.etg er lite egna til bruk som fast base for elevar grunna ein bratt, smal trapp, og ingen heis. Lunde skule framstår som eigna i høve til det elevtalet skulen har i dag, men har mykje ledig kapasitet i bygget. Skulen har eit fint og variert uteareal og gode høve for friluftsliv og turar i nærmiljøet.

3.2.2. Onarheim skule



Nøkkeltal for skuleåret 2010/11:

| | |
|---------------------------------|---|
| Skuletype: | Todelt barneskule 1.-6.årssteg |
| Talet på elevar: | 22 elevar |
| Talet barn i SFO: | 7 barn |
| Kapasitet: | 70 elevar |
| Brutto bygningsareal inkl. bhg: | 1456 m ² BTA inkl barnehage. |
| Brutto bygningsareal eks. bhg: | 1305 m ² BTA skuleareal. |
| Netto læringsareal: | ca 586 m ² (eks. idrettsareal) |
| Tomteareal: | ca 6 mål (målt i www.norgeskart.no) |

| Bygning | Innhald | M ² BTA | Byggeår |
|-----------|--|--|---------------------------|
| Hovudbygg | 1.etg: 4 klasserom, 3 grupperom, SFO-base, garderober, toaletter, idrettsareal, administrasjon og personalareal. Mellometg: Personalgarderobe, grupperom/møterom. U.etg: Skolekjøkken, Bibliotek/musikkrom, K&H-avdeling. Barnehage (151 m ²) | 1456 m ² Inkl. barne- hage | 1957, 1975, 1997/98 |



Vurdering av skuleanlegget

Onarheim skule framstår som eit velhalde og nyrehabilitert skuleanlegg. Skulen har gode areal og særleg god kapasitet i høve elevtalet. Utearealet ved skulen treng oppgradering, og leikearealet bør skjermast for bilar/parkering.

3.2.3. Tysnes skule



Nøkkeltal for skuleåret 2010/11:

| | |
|---------------------------|--|
| Skuletype: | Fulldelt barne- og ungdomsskule 5.-10.årssteg |
| Elevtal på barnesteget: | 96 elevar |
| Elevtal på ungdomssteget: | 113 elevar |
| Elevtal på heile skulen: | 209 elevar |
| Kapasitet: | 230 elevar |
| Brutto bygningsareal: | ca 4585 m ² |
| Netto læringsareal: | ca 1645 m ² (eks. idrettsareal) |
| Tomteareal: | ca 25 mål (målt i www.norgeskart.no) |

| Bygning | Innhald | M ² BTA | Byggeår |
|---------------------------------|---|---------------------|---------|
| Ungdomsskule | <u>3.etg:</u> Administrasjon og personalareal <u>2.etg:</u> 3 klasserom, 1 grupperom, naturfagrom, bibliotek/mediatek, administrasjon- og personalareal. <u>1.etg:</u> 3 klasserom, 1 grupperom, kunst og handverksavdeling, vaktmeisterverkstad. <u>U.etg:</u> Elevtoalett, lager, tilfluktsareal | 2415 m ² | 1971 |
| Barneskuledel og musikkavdeling | <u>2.etg:</u> 3 klasserom, 2 grupperom, skulehelsetenesta, administrasjon- og personalareal, boklager <u>1.etg:</u> 2 klasserom, 2 grupperom, skulekjøken, musikkavdeling | 1452 m ² | 1961 |
| Symjehall | <u>1.etg:</u> Symjehall <u>U.etg:</u> Garderobar | 718 m ² | 1973 |

Vurdering av skuleanlegget

Tysnes skule er ein tradisjonell klasseromsskule med relativt slitte areal. Skulen er langstrakt og har mykje trafikkareal.

Skulen manglar grupperom og har difor ikkje høve til å organisere elevane fleksibelt i grupper av ulik storleik. Fleire av klasseromma treng oppussing. Garderobetilhøva for elevane er ikkje tilfredsstillande. Betre garderobetilhøve nær utgangsdør ville betre tilhøva til bruk av innesko, noko som gir eit betre innklima. I ungdomsskuledelen bør elevane få skåp som kan låsast.

Med unntak av biblioteket og skulekjøkenet, er spesialromma slitte og treng oppgradering. Musikkrommet er svært kaldt på vinterstid og ventilasjonssystemet i rommet må utbetrast. Garderobane til symjehallen er særleg nedslitt med dårleg standard.

Vaksenareala på Tysnes skule er rommelege, godt innreia og tenelege.



3.2.4. Uggdal skule



Nøkkeltal for skuleåret 2010/11:

| | |
|---------------------------------|--|
| Skuletype: | Firedelt barneskule 1.-4.årssteg |
| Talet på elevar: | 79 elevar |
| Talet barn i SFO: | 25 barn |
| Kapasitet inkl. bhg: | Ca 80 elevar (1.-4.årssteg) |
| Kapasitet inkl. bhg-areal: | Ca 110 elever (1.-4.årssteg) |
| Brutto bygningsareal inkl. bhg: | 2130 m ² BTA |
| Brutto bygningsareal eks. bhg: | 1655 m ² BTA. |
| Netto læringsareal: | ca 582 m ² (eks. idrettsareal) |
| Tomteareal: | ca 15 mål (målt i www.norgeskart.no) |

| Bygning | Innhald | M ² BTA | Byggeår |
|-----------|---|---------------------|---------|
| Hovudbygg | <u>2.etg:</u> 3 klasserom, 2 grupperom <u>1.etg:</u> 2 klasserom, mediatek, SFO-base, garderobar, idrettsareal, administrasjon og personalareal. <u>U.etg:</u> Tidlegare kunst og handverksavdeling, nå i bruk til barnehage. | 2130 m ² | 1971 |

Vurdering av skuleanlegget

Uggdal skule framstår som svært godt tilpassa skuleverksemda for 1.-4.årssteg. Skulen har gode og tenelege areal av svært god standard.

Uteområde på skulen bør bli betre lagt til rette for aldersgruppa på skulen, med høve for varierte aktivitetar.

3.3. EKSISTERANDE BARNEHAGESTRUKTUR

På grunn av at vurdering av skulestruktur og barnehagestruktur vil påverke kvarandre, vert barnehagestrukturen i Tysnes kommune presentert kort her. Det er fire barnehagar i kommunen, ein barnehage i nærleiken av kvar skule. Tekstane om barnehagane er henta frå Tysnes kommune sine heimesider.

Vågsmarka barnehage

Vågsmarka barnehage ligg i Våge, i nærleiken av byggefeltet i Vågsmarka. 2 avdelingar. Ein med 1 og 2 åringar og ein med 2 og 3 åringar.

Lunde barnehage

Lunde barnehage har 18 heile plassar og heldt til i eit gammalt koselig bygg midt i Lunde sentrum.

Myklestad barnehage

Myklestad barnehage har i barnehageåret 2010/2011 3 avdelingar (onsdagar 2), Knøttene (1-2år), Bjørnehiet (3-4år) og Stjernereiso (4-5år). Stjernereiso ligg på Uggdal skule og har i år fått sin eigen fløy i underetasjen. [...] Sjøelve barnehagen ligg i eit stort gammalt hus på Myklestad, med mange rom og krinkelkrokar.



Onarheim barnehage

Onarheim er ein 1 avdelings barnehage med 18 plassar frå 1-5 år. [Barnehagen held til i egne lokalar i skulebygget på Onarheim].

3.4. GODKJENNING ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETТА HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Med unnatak av Tysnes skule er alle skulane i kommunen godkjende etter forskrift om miljøretta helsevern. Siste gjennomgang/tilsyn vart halde hausten 2007, og Tysnes skule fekk den gong midlertidig godkjenning fram til 01.08.08.

Kommunelege Magne Skartveit peikar i sitt skriv på følgjande punkt som må utbetrast dersom skulen skal kunne godkjennast på permanent basis:


1. Jente- og gutetoaletta må utbetrast snarast mulig, det vil seia at arbeidet bør startast snarast og vera fullført før skulestart hausten 2008. Det bør vurderast å få toalett som har vegger som går frå golv til tak for å hindra fotografering og mobbing. Trappenedgangen til jentetoaletta kan med fordel stengast slik at toaletta får berre tilgang frå innsida.
Toaletta i gymsalgarderobane må renoverast dersom gymsalen skal vera i bruk.
2. Rom 6 i barneskulen må totalrenoverast.
3. Skulekjøkkenet må standardhevast. Særleg problematisk er spisskammersrommet, og dette vil bli stengt for dette bruk dersom det ikkje er utbetra snarast og seinast 1.8.2008.
4. Gamle gymsal: Må rehabiliterast. Det må tettast musehol etc. I dag er det opning langs golvlister langs heile salen, og bygningskyndige folk bør vurderera om desse kan lukkast.

I den seinare tida har det vore jobba mykje med vedlikehald og oppgradering av skulen og dei tre første punkta på denne lista må kunne seiast å vera innfridde. Det siste punktet gjeld gymsalen som ikkje lengre vert nytta til sitt opphavslege føremål. Kommunelegen har gjeve uttrykk for at slik stoda no er, er grunnlag for å i alle høve forlenga den midlertidige godkjenninga.

3.5. VEDLIKEHALD

Landbruk/teknisk har i dette kapitlet utarbeidd vurderingar og kostnadsanslag på vedlikehaldet av skulane. Desse er basert på byggfaglege vurderingar. Skulebygga ligg til teknisk eining sitt fag- og ansvarsområde. TS = Tysnes skule, OS = Onarheim skule, LS = Lunde skule og US = Uggdal skule.



| | TS | OS | LS | US | FORSLAG TIL FORBEDRINGER |
|---|------------|------------|-------------|------------|--|
| Dato for utfylling: 08.03.2011 | 08.03.2011 | 08.03.2011 | 08.03.2011 | 08.03.2011 | |
|  <p>Følgende svar benyttes på spørsmålene: 1 = ja (grønt lys, oppfyller forskriften). 2 = delvis (gult lys,). 3 = nei (rødt lys). Hvis spørsmålet ikke er relevant, eller man ikke har kunnskap, svar med blankt og gå videre til neste spørsmål.</p> | | | | | |
| Byggjeår | 60/73/98 | 55/73/00 | 20/84/86/04 | 73/00 | |
| Antall kvadratmer | | | | | |
| Antall elever | | | | | |
| Krav om godkjenning | | | | | |
| BYGNING | | | | | |
| Byggjeskader utvendig | 3 | 1 | 1 | 1 | TS: Gymsal og garderober må rehabiliterast Tak mellombygg må skiftast |
| Byggjeskader -innvendig | 3 | 1 | 1 | 1 | TS: Gymsal og garderober må rehabiliterast, Dører må skiftast. Golvbelegg må skiftast |
| Varme, ventilasjon og sanitær | 3 | 1 | 2 | 1 | TS: Mangler ventilasjon i mellombygg/gymsal. Rehabiliterast sanitæranlegg garderobe gymsal. LS: Ventilasjonsanlegg for gymsal bør skiftast |
| Elanlegg | 2 | 1 | 1 | 1 | TS: Inntak må utbetrast |
| Heis | 1 | 1 | 1 | 1 | LS: Har ikkje heis |
| Sikring av utareal | 2 | 1 | 1 | 3 | TS og US: Sikring med nytt gjerde |
| Branntryggleik | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Sum byggingen sin tekniske tilstand | 6 | 11 | 11 | 11 | |
| INNEMILJØ | | | | | |
| Tilgjenge for effektivt reinhald | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Luft | 1 | 1 | 1 | 1 | Fuktighet pga. reinhald |
| Lys | 2 | 1 | 2 | 1 | LS: Må avskjerma for sol. Burde vore egen lux-måler for utskifting av lysrør. TS: Må avskjerma for sol. |
| Lyd | 1 | 1 | 2 | 1 | LS: Gymsal må lydempast |
| Samla innemiljø | 5 | 4 | 6 | 4 | |
| FORM | | | | | |
| Planløsning | 2 | 2 | 2 | 2 | |
| Fleksibilitet | 2 | 2 | 2 | 2 | |
| Driftsvenlig | 1 | 1 | 2 | 1 | LS: Dårlig tilgang til ventilasjonsanlegg |
| Tilpassa rørsleherma | 1 | 2 | 2 | 1 | LS: Ikkje tilgang på 2. høg.d. OS: Ikkje heis til formingsrom |
| Universel utforming | 2 | 2 | 2 | 1 | Som over! |
| Sum funksjonalitet | 8 | 9 | 10 | 7 | |
| BRANN | | | | | |
| Brandokumentasjon | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Tilsyn brannvesenet | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Sprinkling | 3 | 3 | 3 | 3 | |
| Brannsikring og utbetring | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| El-tilsynet kontroll | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Brannalarm | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Sum brannrisiko | 8 | 8 | 8 | 8 | |
| FUKT | | | | | |
| Frostsikring ledningsnett | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Vann og avløp - alder | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Automatisk varsling av lekkasjer | 3 | 3 | 3 | 3 | |
| Effektivt overvatsystem | 3 | 1 | 1 | 1 | TS: under arbeid |
| Flomutsatt | 1 | 1 | 1 | 2 | US: Risiko for flaum i ekstreme tilfeller |
| Sum fuktskade risiko | 8 | 7 | 7 | 7 | |
| MILJØ | | | | | |
| Avløp | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Nedgravde tanker | 1 | 1 | 1 | 1 | US: Biologisk/kjemisk renseanlegg. Øvrige tilknytta off.av. |
| Helse/miljøskadelege stoff i bygningen | 2 | 1 | 1 | 1 | Utført målingar 2002. Ikkje registrert miljøfarlige byggstoff eller radon |
| Rasfare | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Sum miljørisiko | 4 | 5 | 4 | 4 | |
| Innbrotsalarm | 2 | 3 | 3 | 3 | |
| Offetnlege pålegg | 1 | 1 | 1 | 1 | |
| Totalsum: | 35 | 50 | 49 | 49 | |
| Estimert utbetringakostnad 1000 kr | 5150 | 0 | 280 | 150 | |
| Estimert kostnad pr. m2 | 10 | 0 | 0 | 0 | |
| Rekneskap i 1000 kr | | | | | |



4. ELEVTALESUTVIKLING



Norconsult har på oppdrag frå Tysnes kommune utarbeidd nye folke- og elevtalsprognosar for kommunen med spesielt fokus på utvikling i talet på grunnskuleelevar og førskulebarn.

Prognosen tek utgangspunkt i ;

- Registrert folketal pr. 1. januar 2011 (Kjelde; SSB)
- Offisielt elevtal på skulane for skuleåret 2010/11 (Kjelde; GSI)
- Vidareføring av flyttmønster, fruktbarheit og dødelegheit som for dei siste 5 åra (Kjelde; SSB).
- Flyttestraumane er korrigert for planlagd bustadbygging basert på historisk utvikling frå dei siste 5 åra med realisering av 11-12 bustadar pr. år. Utbygginga vert fordelt etter ei prosentvis fordeling tufta på utbyggingspotensialet i godkjente planar i kvar skulekrins. (Kjelde; Tysnes kommune, Landbruk/Teknisk).

Den prosentvise fordelinga av bustadbygginga tek utgangspunkt i ei fordeling etter utbyggingspotensialet i kvar skulekrins, slik dette er skildra i tabellen nedanfor. Den reelle bustadbygginga dei siste åra er brukt som ein indikasjon på kor store delar av utbyggingspotensialet som vert realisert i perioden.

Det er vanskeleg å seie om bustadbygginga vert som vist i tabellen. Generelt kan ein sei at tala er meir usikre jo lengre ut i perioden ein kjem. I prognosen har ein vald å fordele bustadbygginga likt på alle år i perioden.


Tabell 3.6.1. Nye bustadar som det er tatt høgde for i prognosen, fordelt på skuleområda (Uggdal, Tysnes og Reksteren er slått saman i prognosen):

| Krins | Nye bustadar - 2020 | Nye bustadar 2021- | Totalt utbyggingspotensiale i kommunale planar |
|---------------|---------------------|--------------------|--|
| Reksteren | 8 | 4 | 29 |
| Uggdal | 32 | 9 | 86 |
| Onarheim | 14 | 20 | 92 |
| Tysnes | 42 | 11 | 111 |
| Lunde | 19 | 13 | 75 |
| Totalt | 115 | 57 | 393 |



4.1.1. Folketals- og elevtalsutvikling dei seinare åra


Figur 3.6.1.1



Figur 3.6.1.1 syner den historiske folketalet sidan 1986. Tysnes kommune har hatt eit ganske stabilt folketal – og har lagt mellom 2800-2900 personar dei siste 25 åra.


Figur 3.6.1.2 syner storleiken på dei faktorane som påverkar folketalet frå år til år; nettoinnflytting og fødselsoverskot frå 1986-2010. Kommunen har hatt eit negativt fødselsoverskot (tal fødte minus tal døde) dei fleste år sidan 1986. I dei siste tre åra har fødselsoverskotet vore positivt.

Figur 3.6.1.2




Nettoinnflyttinga (innflytting minus utflytting) har for dei fleste åra vore negativt, og samla sett har dette ført til ein reduksjon i folketalet i dei siste ti åra. Om den nettoinnflyttinga som ein har hatt dei siste 5 åra vil halde fram, vil m.a. avhenge av kor mange bustadar som vert bygd i kommunen og kor attraktiv kommunen er for nyetableringar.

Figur 3.6.1.3



Fordeling av dagens befolkning i aldersgrupper og for kvart alderssteg er vist i figurane nedst til venstre. I figur 3.6.1.3 ser ein m.a. at Tysnes har ein lågare del barn i førskule og barneskulealder (personar 0-12 år), men ein høgare del ungdommar enn Hordaland og landet sett under eitt. Tysnes har og ein lågare del personar i aldersgruppa 20-49 år, men ein høgare del personar i aldersgruppa 50-100 enn Hordaland og landet sett under eitt. Dette ber teikn om at den negative folketaletutviklinga kommunen vil halde fram om ikkje nettoinnflyttinga aukar.

Figur 3.6.1.4




Tysnes vert stadig "eldre" og tal eldre ligg godt over gjennomsnittet for Noreg og Hordaland elles. Dette er tenesteintensive og ressurskrevjande befolkningsgrupper som vil setja nye krav til det kommunale tenestetilbodet innan pleie- og omsorgstenestene generelt og fordeling og prioritering av budsjetttrammene spesielt.

Figur 3.6.1.4 syner at dei årskulla som i dag går i grunnskulen (blå og lilla farge), jamt over er litt mindre enn dei årskulla som gjekk ut av skulen for nokre år sidan. Det kan sjå ut som årskulla som kjem inn i skulen dei neste åra er noko mindre enn dei som går i barneskulen i dag.




Figur 3.6.1.5



Talet barn i grunnskulealder ventast å vere ganske stabilt dei næraste åra. Gjennomsnittlege årlege endringar i kvart årskull dei siste 5 åra, er vist i figur 3.6.1.5. Dersom ein legg saman søylene for dei yngste i figuren, ser ein at årskulla dei siste åra i gjennomsnitt har vore like store frå fødselsåret fram til barna startar på skulen.


Figur 3.6.1.6



Utviklinga i tal på barn i førskule- og grunnskulealder er vist i figur 3.6.1.6. Talet førskulebarn og barn på barnesteget har gått kraftig ned dei siste ti åra. Talet elevar ungdomssteg har hatt vore rimeleg stabilt, men går og noko ned.

Tysnes kommune har ikkje mykje innflytting, og det vert spegla i tala over bustadbygginga. I gjennomsnitt har det vore bygd 11 bustadar i året dei siste ti åra.

Figur 3.6.1.7



Brorparten av desse bustadane er bygt i skulekretsane til Tysnes og Lunde skular. Det er elles avsett relativt mykje tomteareal til framtidig bustadbygging – og det kommunale plangrunnlaget er dimensjonert for å tola ei høgare bustadbygging.

I skulekretsen til Onarheim skule er det lagt opp til høgt og delvis ekspansivt utbyggingspotensiale.




4.1.2. Prognose for framtidig utvikling av folketal i kommunen

Den nye prognosen syner at Tysnes kommune kan vente ein svak nedgang i folke-talet i planperioden, men at folketalet er rimeleg stabilt. Kor stor reduksjon det vert i folketalet er avhengig m.a. av tilflytting og bustadbygging. Med den byggeaktiviteten og vidareføring av flyttetrendar dei sienare år som er lagt til grunn, kan folketalet ventast å gå ned til 2700 i 2026.


Figur 3.6.2.1 samanliknar den nye prognosen (svart strek) med SSB sine prognosealternativ for høg, middels og låg nasjonal vekst. Figuren viser at prognosen ligg mellom SSB sitt alternativ for middels- og høg nasjonal vekst. Skilnaden i prognosane kjem av at Norconsultprognosen m.a. har lagt inn lokale planar for bustadbygging, medan SSB sine prognosar legg ein generell vekst i ulike kommunetypar til grunn, og dermed ikkje får med lokale variasjonar. Norconsult sin prognose er optimistisk, men realistisk prognose for folketalsutviklinga i Tysnes kommune.

Figur 3.6.2.1



Prognosar for barneskulane sine inntaksområde er vist i figur 3.6.2.2. Uggdal og Tysnes (inkl. Reksteren) er vist som ei line, då skulane har felles inntaksområde. Figuren viser at det kan ventast ein svak nedgang i folketalet i inntaksområdet til Uggdal og Tysnes skular, frå omlag 1850 personar i 2011 til i underkant av 1750 mot slutten av prognoseperioden. Det kan ventast ein svak auke i folketalet i Lunde skule sitt inntaksområde, frå om lag 430 personar i 2011 til om lag 530 personar i slutten av prognoseperioden. Folketalet i Onarheim skule sitt inntaksområde er venta å ligge stabilt på i overkant og underkant av 350 personar.

Figur 3.6.2.2





Oppsummering av prognosen i ulike aldersgrupper:

0-5 år: Tal barn i førskulealder har minka ein del dei siste åra, men denne tendensen ser ut snu i perioden som kommer. Frå omkring 2015 ser barnetalet ut til å stabilisere seg på i underkant av 200 barn.

6-12 år: Tal barn i barneskulealder har minka ein del dei siste åra, og tendensen ser ut til å halde fram i nokre år til. Frå om lag 2014 ser tendensen ut til å snu og barnetalet er venta å auke i heile resten av perioden, opp mot dagens nivå.

13-15 år: Elevtalet på ungdomssteget har variert omkring 110-140 dei seinare åra. Denne tendensen ser ut til å halde fram dei nærmaste åra. Frå omkring 2014 er det venta ein reduksjon i elevtalet. Mot slutten av perioden er elevtalet igjen venta å auke noko opp mot dagens nivå.

16-19 år: Talet ungdommar i aldersgruppa er forventa å minke jamt gjennom heile perioden.

20-29 år: Aldersgruppa har stor mobilitet og er vanskeleg å prognostisere. Talet personar i aldersgruppa er forventa å minke jamt gjennom heile perioden.

30-39 år: Aldersgruppa er forventa å halde seg stabil i første halvdel av prognoseperioden, men kan få ei auke frå omkring 2020.


40-49 år: Aldersgruppa ser ut til å reduserast jamt i heile planperioden.

50-66 år: Aldersgruppa ser ut til å minke svakt i heile planperioden.

67år og over: Dei eldste aldersgruppene er forventa å auke kraftig i heile perioden. Veksten i desse aldersgruppene er høgare enn i dei andre aldersgruppene, spesielt 70-79 åringane.

Figur 3.6.2.3 og Tabell 3.6.2.1 viser prognosen for ulike aldersgrupper i den nye prognosen:


Figur 3.6.2.3





4.1.3. Prognose for framtidig utvikling i barnetal (1-5 år) i kommunen


Figur 3.6.3.1



Tal barn i barnehagealder har minka noko dei siste åra, men denne tendensen ser ut snu dei komande åra. Den nye prognosen viser at frå omkring 2015 ser barnetalet ut til å stabilisere seg på om lag 160-170 barn.

Figur 3.6.3.1 viser ein samanlikning av barnetalsprognosen Norconsult har utarbeida for Tysnes kommune våren 2011 og Statistisk sentralbyrå sine barnetalsprognoser for høg, middels og låg nasjonal vekst (alle frå 2011).


Figur 3.6.3.2



Figur 3.6.3.2 viser at talet småbarn i aldersgruppa 1-2 år, har vore stabilt omkring 50 barn dei seinare åra, men er i ferd med å stige til 65-70 barn. Talet 1-2-åringar er deretter venta å vere stabilt i resten av perioden.


Talet barn i aldersgruppa 3-5 år har gått noko ned siste fem år, men ligg nå rimelig stabilt på i underkant av 75 barn. Frå 2013 er talet 3-5-åringar venta å auke nokre år før det stabiliserer seg på om lag 100 barn.

Figur 3.6.3.3




Figur 3.6.3.3, 3.6.3.4 og 3.6.3.5 viser barnetalsutviklinga i kvart av barneskuleområda. Ein kan sjå at alle områda kan vente ein viss auke i barnetalet, men at den venta prosentvise veksten er størst i Lunde skule sitt inntaksområde.

Figur 3.6.3.4



Figur 3.6.3.5






4.1.4. Prognose for framtidig utvikling i elevtal i kommunen


Figur 3.6.4.1 og 3.6.4.2 viser ein samanlikning av elevtalsprognosen Norconsult har utarbeida for Tysnes kommune våren 2011 og Statistisk sentralbyrå sine elevtalsprognosar for høg nasjonal vekst, middels nasjonal vekst og låg nasjonal vekst (alle frå 2011), fordelt på barnesteg og ungdomssteg.

Figur 3.6.4.1



Ved årsskiftet 2009-10 var det 240 barn i alderen 6-12 år i Tysnes kommune. Tal barn i barneskulealder har minka ein del dei siste åra, og tendensen ser ut til å halde fram i nokre år til. Frå om lag 2014 ser tendensen ut til å snu og barnetalet er venta å auke i heile resten av perioden, opp mot dagens nivå. Den nye prognosen ligg litt under SSB sitt alternativ for høg nasjonal vekst.

Figur 3.6.4.2




Ved årsskiftet 2009-2010 var det 106 barn i ungdomsskulealder i Tysnes kommune. Elevtalet på ungdomssteg har variert omkring 110-140 dei seinare åra. Ein viss variasjon ser det og ut til å bli dei næraste åra. Frå omkring 2014 er det venta ein reduksjon i elevtalet. Mot slutten av perioden er elevtalet igjen venta å auke noko opp mot dagens nivå.

Den nye prognosen ligg noko over SSB sitt alternativ for høg nasjonal vekst i store delar av perioden.



Figur 3.6.4.3



Figur 3.6.4.3 syner elevtallsprognosen for kommunen samla, med tal for kvart årssteg. Ein kan sjå at kulla på dei øvste årsstega er større enn dei som kjem inn i skulen dei næraste åra.

4.1.5 Prognose for framtidig utvikling i elevtal på den einsskule skule

Med utgangspunkt i eksisterande skulestruktur, prognosen for heile kommunen og faktisk elevtal på skulane, er det utarbeidd elevtallsprognosar for alle skulane, basert på følgjande:

- Det kan ventast større variasjonar i årskulla utover i perioden enn det prognosen viser. Nokre kull vert større enn prognosen medan andre kull vert mindre. Prognosen syner forventa gjennomsnitt.
- Tal for førskuleborn i skulane sine inntaksområde pr. 1. januar 2011
- vidareføring av observerte endringar i dei yngste aldersgruppene i skulane sine inntaksområde dei siste 5 åra (korrigert for punkta nedanfor)
- framtidig/planlagt bustadbygging i skulane sine inntaksområde (med utgangspunkt i kommunen sitt bustadbyggeprogram; jfr tabell tidlegare i kapittelet)
- tilflytting av barnefamiljar som følgje av naturlege generasjonsskifte i bustadmassen, og at middelaldrande og eldre innbyggjarar flytter inn i nye/andre bustader.




Tabellen nedanfor gjev ein oversikt over kva grunnkrinsar/områder som høyrer til dei einssilde skulane i prognosane:

| Skulekrins | Grunnkrins | |
|-------------------------|--|---|
| Onarheim skule | G 111 Onarheim G 112 Skjellevik | G 110 Tveit |
| Lunde skule | G 108 Humlevik | G 109 Gripne |
| Uggdal og Tysnes skular | G 101 Sør-Reksteren G 102 Nord-Reksteren G 103 Vee G 104 Våge G 107 Gjersvik | G 105 Myklestad G 106 Reiso G 113 Flatråker G 114 Neshamn G 115 Søreide G 116 Amland |

Vidare i kapittelet vert det gjort ein gjennomgang av kvar skule sin elevtalsprognose med figurar og forklaring. Prognosetabellane ligg som vedlegg til planen.

Lunde skule


Lunde skule har hatt stor reduksjon i elevtalet dei siste fem åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å auke med om lag 10 elevar i perioden fram mot 2026. Fleire av årstrinna vil ha 0-3 barn i første del av perioden, medan det utover i perioden kan ventast 4-5 barn pr. årskull. Skulen har god kapasitet i høve til å handtere det forventa elevtalet.






Onarheim skule

Onarheim skule har hatt stor nedgang i elevtalet dei siste fem åra. Prognosen syner at elevtalet er venta å halde seg relativt stabilt, men at området kan få ei liten auke mot slutten av perioden som følgje av delvis høg bustadbygging. Fleire av årstrinna vil ha 0-3 barn i første del av perioden, medan det utover i perioden kan ventast 4-6 barn pr. årskull. Skulen har god kapasitet i høve til å handtere det forventa elevtalet.



Uggdal skule


Uggdal skule (inkl. Reksteren) har hatt nedgang i elevtalet dei seinare åra. Prognosen angir at skulen kan vente seg reduksjon i elevtalet i byrjinga av perioden, men at det vil auke noko i siste del av perioden. Årskulla ser ut til å variere frå 16-26 elevar. Skulen har kapasitet til å handtere det forventa elevtalet, men vil få det trangt mot slutten av perioden dersom barnehagen framleis disponerer areal i bygget.





Tysnes skule

Elevtalet på Tysnes skule har vore rimeleg stabilt dei seinare åra. Prognosen viser at elevtalet er venta å gå ned i første del av perioden, for så å auke opp mot dagens nivå mot slutten av perioden. Årskulla ser ut til å variere frå 17-35 elevar på barnesteget og frå 25-50 elevar på ungdomssteget. Utover i perioden er det venta at årskulla vil ligge på omkring 25-35 elevar.



Ballbingen ved Tysnes skule



5. SENTRALE MOMENT I UTGREIING AV ALTERNATIVE SKULESTRUKTURAR

**§ 9a Opplæringslova:
(utdrag frå § 9a-2 om
fysisk miljø)**

"Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

**§ 9a Opplæringslova:
(utdrag frå § 9a-2 om
fysisk miljø)**

"Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar."

§ 9-5 Opplæringslova:

"Kommunen skal sørgje for tenlege grunnskolar."

Utvikling i barnetal, reisetid, utgifter til barnehage-/skuledrift, drift av bygningar og skuleskyss, samt trong for investeringar står fram som særskilt viktige i samband med utgreiing av ei eventuell endring i skulestrukturen i Tysnes kommune. Det mest sentrale elementet i ei slik utgreiing er likevel omsynet til barna og at dei skal få eit mest moglig likeverdig og godt læringsmiljø.

Økonomi – utgifter til drift og investering

Oftast er ynskje om betre utnytting av ressursane den mest sentrale drivkrafta for å endre skulestrukturen. Dette betyr ikkje at omsynet til økonomi overskygger alle andre moment, men at eventuelle ulemper og negative konsekvensar vert vurdert som små i høve den store økonomiske gevinsten med strukturendringa.

Tysnes kommune har i forkant av denne Skulebruksplanen gjort omfattande investeringar for å betre det fysiske læringsmiljøet. Særleg gjeld dette ved Uggdal skule – som etter renoveringa framstår som ein skule med gode indre og ytre kvalitetar. Skulen vart rehabilitert i 2010 for om lag 14 mill kroner. Vidare måtte kommunen utføre lovmessige utbetringar for 8 mill kroner ved Onarheim skule i 2010. På Tysnes skule vil det vere trong for oppussing og rehabilitering uavhengig av kva skulestruktur som vert valt. I tillegg til finansieringskostnadene for investeringar i skuleanlegga, kjem også FDV-kostnader (kostnader til forvaltning, drift og vedlikehald).

Auke i utgifter til skuleskyss vil som oftast ikkje påverke dei økonomiske vurderingane i nemneverdig grad. Tysnes kommune har allereie i dag mykje bruk av skuleskyss. Sjølv om skyssutgiftene isolert sett kan opplevast store, er de små samanlikna med dei andre utgiftene i skulen.

Fysisk læringsmiljø

Hovudmålgruppa i planarbeidet er elevane i Tysnes kommune og omsynet til deira behov. Elevane skal ha gode fysiske og pedagogiske utviklingsrammer og gode læringsmiljø. Det er dette som vil vere det primære fokuset i høve utforminga av skuleanlegg og val av skulestruktur.

Eit sentralt prinsipp i val av skulestruktur bør difor vere å syte for at elevar som må byta skule – får eit godt fysisk læringsmiljø på den nye skulen og at bygningsmessige tiltak og utbyggingar bør vere ferdigstilt før elevane begynner på den nye skulen.

Vurdering av bygningsmessig tilstand har ikkje vore ein sentral del av utgreiinga. Opplysningar om bygningsteknisk tilstand er ut frå brukarane sin oppleving av bygget og det Norconsult sine representantar kunne observere på synfaringane.



§ 9a Opplæringslova:
(utdrag frå § 9a-2 om
fysisk miljø)

"Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane."

§ 9-5

Opplæringslova:

"Til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar."

Arealnorm

Areal og kostnadsvurderingane tek utgangspunkt i rettleiande arealnorm for Tysnes kommune, presentert i kapittel 2.3. Arealprogrammet vert nytta som grunnlag for berekning av kapasitet på skulane og i samband med areal- og kostnadskalkylar for ulike strukturalternativ.

Kapasitet

Motiveringa for å endre skulestrukturen skuldast ofte kapasitetsmessige omsyn. Mange kommunar opplever elevtalsvekst og har difor behov for meir skulekapasitet i visse skulekrinsar. I andre krinsar er elevtalsutviklinga motsett, slik at mange skular står med ledig skulekapasitet. For å tilpasse skulekapasiteten til røynda, vert det stundom behov for å endre og justere på kringsgrenser i høve dei samla ressursane som kommunen har til rådvelde. Dette for å sikre ei optimal utnytting av kommunen sine samla ressursar.

I Tysnes er det mykje ledig skulekapasitet, særleg ved dei minste skulane Onarheim og Lunde. Busettingsmønsteret er i stadig endring. Mange av skulane i Tysnes vart etablert i ei tid kor det var mange barnefamiljar i skulekrinsen. Nye kommunikasjonar, næringsstrukturar og bustadutbyggingar i andre deler av kommunen endrar på folkesamansetninga og elevtalsgrunnlaget i dei eksisterande skulekrinsane. Dagens skulestruktur er i stor grad tufta på gammalt busettingsmønster og behov.

Elevtalsprognosar

Skulestrukturvurderingane er tufta på prognosar for sannsynleg elevtalsutvikling, slik dette er presentert i førre kapittel. Tysnes kan forvente ein liten nedgang i elevtalet på barnesteget.

For foreldre og elevar er det viktig å få ein stabil skulestruktur over tid. Hyppige endringar er uheldig, og det må difor leggjast langsiktige prognosar til grunn for dei endringar som vert vedteke.

Skulestorleik

I utredning av skulestruktur må ein vurdere kva skuletypar kommunen ønskjer å ha. Dette gjeld både skulestorleik og kva alderssamansetning som skal vere på skulene. Tysnes kommune står fritt til å velje skulestorleik og skuletype i sitt samla grunnskuletilbod.

Opplæringslova set ikkje absolutte grenser for skulestorleikar, men tilrår kommunane å ikkje etablere skular større enn 450 elevar. Tysnes kommune vil ikkje få ein skule med over 450 elevar, sjølv med sentralisering av skuletilbodet.

Opplæringslova gjev ikkje tilrådingar om kor små einingane skal vere. Tysnes kommune har vedteke at skular med 12 elevar eller mindre og som er udelte, bør leggjast ned.



Skuletype

Kunnskapsløftet legg opp til ei todeling av grunnskuletilbodet, i eit barnesteg frå 1.-7. årssteg og eit ungdomssteg frå 8.-10. årssteg.

I utgangspunktet bør det difor ikkje etablerast skuleeiningar for 1.-4. årssteg, 5.-7.årssteg eller 5.-10. årssteg. Kunnskapsløftet legg og opp til at det vert etablert fullverdige 1-7 skular på barnesteget.

Kombinertskular med 1.-10.årstrinn gjev skulen godt høve for å følge opp elevar og foreldre gjennom et heilskapleg skuleløp. Det sosiale miljøet på kombinerte skular er ofte "mjukare" enn på reine ungdomsskular, grunna det store aldersspennet i elevmassen. Ein ulempe med kombinertskular, dersom ungdomsstegget ikkje får tilført ekstra elever, er at ungdomsstegget ofte blir lite samtidig som skulen samla sett kan bli stor. På Tysnes skule vert alle elvane i kommunen samla frå 7.årssteg, og det ovannemnde er difor ikkje eit vesentleg problem.

I og med at det samla elevtalet i Tysnes kommune ikkje er så høgt, er det ein fordel for det pedagogiske personalet på ungdomsstegget at fleire vert samla på ein større 1-10 eller 5-10 skule, i staden for på ein liten ungdomsskule. Det faglige nettverket, samt høve for å utnytte lærarressursane optimalt, vil vere større på ein skule som Tysnes skule enn ein liten, rein ungdomsskule. Lærarar med spesialkompetanse i enkelte fag kan då undervise både på mellomsteget og ungdomsstegget.

Det opplevast ofte positivt for elevane å byte skule og gå inn i eit nytt sosialt miljø og eit nytt læringsmiljø når dei begynner på ungdomsskulen. Det er difor viktig at det arbeidast med å skape nye gruppesamansetningar slik at alle elevane, både dei frå Tysnes/Uggdal og dei frå Lunde og Onarheim, får oppleve eit skilje mellom barneskule og ungdomsskule. På Tysnes skule blir dette skiljet i dag innført på 7.årssteg.

Tysnes kommune har i dag tre skuletypar:

- ein fulldelt skule på 1.-4.årssteg,
- to todelte skular for 1.-6.årssteg
- ein skule for 5.-10.årssteg, fulldelt på 5.-6.årssteg og to parallelar på 7.-10.årssteg).

Dei store skilnadane i desse skuletypane kan gjere det utfordrande for kommunen å sikre eit likeverdig skuletilbod for elevane.

Klassedelingsstal er heller ikkje lenger styrande for kommunane dvs at elevtalet kan vere større enn 29 elevar i einskilde klassar. Denne planen syner at einskilde skulealternativ medfører klassestorleikar som ligg på "vippen" etter den gamle norma. Særleg gjeld dette for Tysnes skule. For kommunen inneberer dette behov for større klasserom.

Nærleiksprinsippet

Elevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast heimen.

§ 2-3

Opplæringslova: (nytt avsnitt i 2005)

"Grunnskolen er delt i eit barnetrinn og eit ungdomstrinn. Barnetrinnet omfattar 1.-7. årstrinn og ungdomstrinnet omfattar 8.-10. årstrinn."



Oppveksttun

Frå 2006 har barnehage og skule vore samla i eit felles Kunnskapsdepartement. Frå 1.1. 2012 vil også Utdanningsdirektoratet overta ei rad med oppgåver på barnehageområdet. Grunntanken er ei heilskapstenking rundt borna si utvikling, og slik er også tanken for etablering av oppveksttun. Definisjonen på oppveksttun er barnehage og småskule/barneskule samla fysisk nær kvarandre (t.d. i eit tun) og med felles drift. Oppveksttun har ein felles einingsleiar for både skulen og barnehagen. Med eit oppveksttun vil borna opphalda seg og utvikla seg i eitt og same nærmiljø frå dei startar i barnehagen til dei er ferdige med 4. trinn, evt 7.trinn. (6. for Tysnes sin del).

Bakgrunnen for å opprette oppveksttun kan anten vere for å halda oppe grendaskulen og barnehagen eller med ein pedagogisk tanke om livslang læring. Graden av integrasjon mellom barnehage og skule varierer mykje, frå rein administrativ organisering, til tett pedagogisk samarbeid.

På mindre stader, som i Tysnes kommune, der skuleeiniane er små, og avstandane kan opplevast relativt store mellom skulane, kan det å etablere oppveksttun vere ei løysing for å auke talet barn og vaksne i einingane.

Det å kombinere barnehagen opp mot dei yngste elevane (1-4-årssteg) kan skape ein god overgang mellom barnehage- skule. Ein kan lage seg gode rutinar på oppfølging av barnet fagleg og sosialt frå tidleg barnehage og vidare inn i skulen. Det er og høve til å nytte kompetansen førskulelærer/lærer på nye og betre måtar ved ein slik struktur. Kanskje kan det å spisse kompetansen til personalet inn mot eit mindre aldersspekter vere ein nyttig vri i høve kvalitetsutvikling. Skulane og barnehagane i Lunde og Onarheim ligg nær kvarandre og har potensiale til å kunna utviklast til oppveksttun. Uteområdet er og brukbart tilrettelagd for mindre born.

Det er viktig at skuledelen av oppveksttunet ikkje vert for lite. På dei to minste skulane i Tysnes vil elevgrunnlaget på 1.-4.årssteg vere for lite til å forsvare etablering av oppveksttun med 1.-4.årssteg og ein må i så fall tenkje oppveksttun med 1.-6.årssteg. På Uggdal skule vil organisering i oppveksttun kunne vere ein fordel. Tysnes har valt ei 1-6 organisering av Lunde og Onarheim skule for å unngå at aldersspennet vert for stort i einskilde klassar.

Det er likevel grunn til å sjå nærare på dei økonomiske konsekvensane av oppveksttun-modellen. Denne type einingar er etter måten dyre i drift og utløyser ikkje reelle innsparingar i høve til dagens struktur. Mellom anna er ein bunden opp av bemanningsnormer som er avtalestyrt. Det er td. ikkje gevinst ved samordning av rektor og styrarfunksjonen. Ved ei slik struktur er ein i tillegg bunden opp i eksisterande bygningsmasse med dei kostnader til drift og vedlikehald som ligg i dette. Små einingar legg m.a.o. ikkje til rette for rasjonell drift. Arbeidsgruppa meiner òg det er rett å halda seg til gjeldande kommunestyrevedtak som tilseier at kommunen skal ha ny sentralbarnehage som erstatning for barnehagane i Lunde, på Myklestad og i Vågsmarka.



Barnehage

Skulebruksplanen omhandlar i utgangspunktet ikkje barnehagestruktur, men lokalisering av barnehagetilbod vil verke inn på skulestrukturen. Barnehagen har ikkje same symboleffekt i lokalsamfunnet som skulen har i dag, men om skulane vert sentralisert og barnehagane består som i dag, vert barnehagen det sentrale kommunale tenestetilbodet for barnefamiljar på dei mindre stadene i kommunen.

Tre av barnehagane i kommunen har dårlege lokalar, og det er anten trong for utbetring av eksisterande lokalar eller flytting til nye lokalar. Eit alternativ for ny barnehagestruktur er å byggje om Uggdal skule til sentralbarnehage for heile kommunen, evt. med Onarheim barnehage som ei avdeling underlagt sentralbarnehagen. Til dette alternativet er det viktig å peike på at reisevegen kan verte lang for barn heilt ned i eitt år, og at poenget med at større barn tåler reisevegen betre enn små barn til ein viss grad også gjeld for barnehagebarna, sjølv om dei vert frakta av foreldra.

Om skulestrukturen består som i dag, kan oppretting av oppveksttun vere ei løysing for å få større einingar/miljø på Lunde, Onarheim og Uggdal.

Uteområde

Uteområdet er ein sentral del av skulen sitt samla læringsmiljø. Det er ikkje berre tomtestorleiken som er avgjerande for kvalitetane i uteområdet, også graden av tilrettelegging tilpassa elevbehova, bør vurderast i her. Også tilliggande areal som kan nyttast i undervisning og friminutt bør telle med i vurderinga av uteareal.

Skuleskyss / reisetid

Skulevegen og skuleskyssen for elevane må vere trygg.

Reglar og retningsliner for skuleskyss er presentert i kapittel 2.1.

Tysnes er ein spreittbygd kommune, og skuleskyssing og bruk av kollektive reisemidlar ikkje er noko nytt innslag i kommunen. Om lag 76 % av elevane i grunnskulen på Tysnes har i pr. skuleåret 2010/11 innvilga skuleskyss dei fleste grunna avstand mellom skule og heim. På 7-10 årssteg skyssast elevane i heile kommunen til Våge for å få undervisning. Kommunen har difor allereie eit utvikla skyssystem for skuleelevar som omfattar heile kommunen.

Vegstandarden er dårleg mange stadar i kommunen. Heilårsvegen mellom Onarheim og Uggdal kan karakteriserast som dårleg. Her er det smal kjørebane, humpar og mykje svingar, og deler av vegen kan difor verta ubehageleg som skuleveg for nokre elevar. Lite person- og godstrafikk gjør at denne vegen vert vurdert til å ha tilfredsstillande tryggleik som skuleveg. Det same kan seiast om heilårsvegen mellom Onarheim og Lunde.

Nordlandsforskning gjennomførte i 2003 ein spørjeundersøking blant elevar som har opplevd skulenedlegging. Undersøkinga omhandla skuleskyss og elevane sin trivsel på skulen. Forskarane konkluderar med at lang skuleskyss



påverkar elevane sin trivsel på skulen. Undersøkinga viser og at dei yngste elevane vektlegg ulempene ved økt skuleskyss i samband med skulenedlegging sterkt, medan eldre elevar er meir opptekne av fordelene med eit større sosiale miljø (Amundsveen og Øines 2003). Dette er moment som bør takast rekning med i vurderinga av skulestruktur.

Tal elevar med skuleskyss på skulane i Tysnes kommune:

| Skule | Elevtal 10/11 | Tal elevar med skuleskyss | % elevar med skuleskyss |
|----------------|---------------|---------------------------|-------------------------|
| Lunde skule | 21 | 8 | 38 |
| Onarheim skule | 22 | 14 | 64 |
| Tysnes skule | 206 | 143 | 69 |
| Uggdal skule | 79 | 76 | 96 |
| Sum | 328 | 241 | 73 |

Tabellane viser avstand mellom skulane i Tysnes, i km og i reisetid:

Avstand i km (kjelde: www.gulesider.no):

| (km) | Tysnes | Uggdal | Lunde | Onarheim |
|----------|--------|--------|-------|----------|
| Tysnes | | 5,1 | 8,6 | 18,4 |
| Uggdal | 5,1 | | 13,2 | 13,6 |
| Lunde | 8,6 | 13,2 | | 16,5 |
| Onarheim | 18,4 | 13,6 | 16,5 | |

Avstand i reisetid (anslag):

| (min) | Tysnes | Uggdal | Lunde | Onarheim |
|----------|--------|--------|-------|----------|
| Tysnes | | 5 | 8 | 18 |
| Uggdal | 5 | | 12 | 14 |
| Lunde | 8 | 12 | | 17 |
| Onarheim | 18 | 14 | 17 | |

Gang- og ventetid til transport kjem i tillegg og skal reknast inn i reisetida.

Pedagogiske moment

Det er ikkje noko eintydig forskning som konkluderer at overføringa av læring er betre eller verre i sentraliserte eller desentraliserte skulestrukturar. Organisering og det pedagogiske opplegget for undervisninga har truleg meir å seia enn sjølve skulestorleiken. Dei interne drøftingane i Tysnes peikar på pedagogiske og sosiale fordelar med noko større elev- og fagmiljø – særleg for dei eldre elevane. Fleire kommunar vel strukturløysingar som gjev meir robuste og berekraftige elev- og fagmiljø. Dette skuldast at større organisasjonar er meir fleksible og mindre sårbare i skulekvardagen. I eit organisasjonsutviklingsperspektiv kan det vere fordelar med større einingar i høve kompetanseoverføring og interne læreprosessar. I ei tid med auka krav til fagspesialisering, oppdatering og etterutdanning - risikerer små elev- og fagmiljø større einsretting i dei sosiale, pedagogiske og miljømessige sidene ved skulen.

Skulepersonale/tilsette som vert råka av strukturendringane

Det vil vere viktig å følgje opp den einkilde og gruppa som vert omfatta av ei evt. strukturendring, og at det tidlig i prosessen bør koma ei politisk avklaring på om eventuelle endringar i skulestrukturen vil føre til

§7-1 Opplæringslova:

Elevar i 2. – 10.klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse er skyssgrense to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett på gratis skyss utan omsyn til vealenada.

Merknad frå Ot.prp. nr 46 (1997/1998) til §7-1 i opplæringslova:

Elevar i 1. klasse som har meir enn 1 km gangavstand til offentleg skyssmiddel kan søkje om særskild skyss på denne strekninga. På same måte kan elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 2 km gangavstand til offentleg skyssmiddel søkje om særskild skyss på denne strekninga.

§13-4 Opplæringslova:

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg,[...] Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss,[...] Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelvar.



oppseiingar eller ikkje. Om endringsprosessen vert strekt ut i tid kan ein nytte naturleg avgang i staden for oppseiingar.

Det er og sentralt at personalet vert involvert og engasjert tidleg i planleggingsfasa av nye skulebygg eller ombygging av eksisterande bygg. Den fysiske planlegginga skal ta utgangspunkt i den pedagogiske plattformen og dei interne pedagogiske drøftingane i skulen og i kommuneadministrasjonen.

Sosiale moment

Overgangen til ein ny skule kan opplevast vanskeleg for nokre av elevane - særleg om dei skal inn i eit allereie etablert sosialt skulemiljø. Overgangen frå små kjende miljø til større og ukjende sosiale miljø må gjerast trygt for elevane. Merksemd rundt inkluderingsprosessar og tryggleik vert sentrale fokusområde for kommunen i slike fasar.

Det er og eit moment i denne samanhengen at eldre elevar i høgare grad set pris på å komme i eit større sosialt miljø og generelt taklar lengre reisetid betre enn yngre elevar. Det bør difor vurderast om det vil vere ein fordel for elevane på 5.-7.-årssteg å flytte til ein større skule dersom det sosiale miljøet på skulene blir for lite. Det kan vere ein ugrei situasjon å vere einaste elev på sitt årskull på ein liten skule. Sosial trivsel er svært viktig, og det er større sjanse for å finne ein ven når det er fleire barn å velje mellom. Ein bør difor heile tida vurdere kva som er det beste for eleven, å fortsette på den skulen han/ho er på, eller å flytte til ein større skule.

For foreldre/føresette kan og overgangen til ein ny skule opplevast utfordrande. Det er då viktig for skule - heim samarbeidet, og ikkje minst for barna sin trivsel i den nye skulekvardagen, at begge partar er bevisste på dette og gjer sitt beste for at barna skal få ei trygg og god innføring og oppfølging i det nye miljøet. Det er i denne samanhengen særst viktig at alle partar legger eventuell usemje om skulestruktur til side og fokuserer på å gjere den nye situasjonen til noko positivt.

Nedlegging av nærskulen kan påverke kvardagslivet i familiane. Når barna reiser vekk for å gå på skule aukar tida dei nyttar til reising til og frå skulen. Om barna vil delta på fritidsaktivitetar der dei går på skule, vil mykje tid gå med til reising og det vert lite tid att til andre ting.

Skulen som nærmiljøanlegg (skule, idrett og kultur)

Skulen sin primære funksjon er læring og overføring av kunnskap. Samstundes fungerer skulen som senter for nærmiljøaktivitetar utover skuletida, slik at skulen har ein mykje breiare kontekst og føremål utover den reine skuledrifta. Idrettslaget nyttar delar av året gymsalane til trening for ulike aldersgrupper, og kulturskulen bruker skulane til øving og framsyningar.

Skuleanlegga er svært viktige faktorar for å skapa eit heilskapleg oppvekstmiljø. Det optimale for born og unge er å ha tilgang til skule, kultur og idrett samla på ein plass. Skuleanlegga er viktige møteplassar, og kan òg spela ei rolle i å skapa god kontakt mellom generasjonar.



Dersom det kan gå føre seg fleire aktivitetar i same område på både dag- og kveldstid, og om helgane, for fleire brukarar, vil alle areala verta meir brukte. Sambruk mellom skule, kultur og idrett vert difor sett på som både driftsmessig gunstig og identitetsbyggjande for innbyggjarar i alle aldrar.

Konsekvensar for lokalsamfunna

Grendaskulen vert opplevd som "siste skanse" for mange små lokalsamfunn. Slik vil det nok også vera for dei minste skulekrinsane i Tysnes. For utkantane i kommunen kan nedlegging av skulane føre til endring i det sosiale miljøet og evt. nedgang i folketalet. For dei meir sentrale delane av kommunen kan sentralisering av skuletilbodet, evt. med etablering av kulturskulebase og fortsatt satsing på idrettsanlegget, gjere området meir attraktivt som bustadområde.

Nærmiljøet opplever at dei vert fråteken eit gode om grendaskulen vert lagt ned - trass i om elevane får tilbod om betre fysiske læringsmiljø eller større sosiale miljø på andre skular i kommunen. Skulenedlegginga som sak kan overskygge alle fordelar i dei alternative skulestrukturane. Dette syner samstundes behovet for medverknad, kommunikasjon og open dialog mellom føresette og kommunen ved ei eventuell skulenedlegging.

Det er ein kjent sak at ein debatt om skulenedlegging kan føre til konflikhtar mellom grender, der kvar grend kjempar for retten til å behalda skulen sin. Om ei endring av skulestrukturen vert vedteken er det viktig å holde fokus på elevane. Ved å legge konflikhtar og kamp til sides når saken er avgjort, kan ein saman arbeide for å gjere overgangen til ny skule så trygg og god som mogleg.

Lokalisering / plassering

Strukturvurderingar endar som oftast opp med konkrete framlegg til lokaliseringssval for nye skuleløysingar. I strukturvurderingane må kommunen også sjå utbygginga i skulekapasitet opp mot langsiktige og berekraftige utviklingsprinsipp i kommuneplanen. Eit skulebygg bør planleggjast med ein tidshorisont på 50 år. Difor bør val av plassering og krunsreguleringar vurderast opp mot overordna og særans langsiktige areal- og utviklingsprinsipp. Kor kjem tyngda av bustadbygginga? Vert det noko av nytt fastlandssamband? Fortetting og tettstadutvikling? Dette er berre nokre døme langsiktige moment skuleeigar må vurdere i samband med val av skulestruktur.

Alternativ bruk av frigjort bygningskapasitet

Ved skulenedlegging kan frigjort bygningsmasse omdisponerast til andre føremål. Eit omdisponert kommunalt føremål kan vera barnehage eller sal på den opne marknaden. Riving og sanering av kan vere eit alternativ for bygg som har høge kostnadar knytt til rehabilitering. I einskilde høve kan krefter i lokalmiljø overta bygningane til grende- og kulturhusføremål.



5.1. SAMLA PRESENTASJON AV ALTERNATIVE SKULESTRUKTURAR

Arbeidsgruppa har vurdert mange ulike alternative skulestrukturar gjennom planarbeidet. Etter nøye gjennomgang har ein valt å presentere 5 moglege nye alternativ for skuledrift i kommunen, med løysingar innafor skuledrift ved ein skule, to skular og tre skular. Alternativet med to og tre skular i drift har to variantar kvar – synleggjort som a) og b) alternativ.

Dagens situasjon med 4 skular er synleggjort som alternativ 0 og vert referanse i høve samanlikningar seinare i planen.

Tysnes kommune har valt å vidareføre 1-6 organiseringa ved Lunde og Onarheim skular i alle alternativ.

Alternativ 0 – Dagens situasjon

| Alternativ 0 - Drift ved 4 skular | Årssteg | Elevtal 2011-2025 |
|-----------------------------------|---------|-------------------|
| Lunde skule | 1-6 | 14-27 |
| Onarheim skule | 1-6 | 18-30 |
| Uggdal skule | 1-4 | 74-103 |
| Tysnes skule | 5-10 | 156-195 |

Alternativ 1 - Drift ved 1 skule

| Skular | Årssteg | Elevtal 2011-2025 |
|--------------|---------|-------------------|
| Tysnes skule | 1-10 | 280-350 |

Alternativ 2 - Drift ved 2 skular

| Alternativ 2a | Årssteg | Elevtal 2011-2025 |
|---------------------------------------|---------|-------------------|
| Uggdal skule (alle elevar i kommunen) | 1-4 | 99-139 |
| Tysnes skule (alle elevar i kommunen) | 5-10 | 173-211 |

| Alternativ 2b | Årssteg | Elevtal 2011-2025 |
|----------------|---------|-------------------|
| Onarheim skule | 1-6 | 18-30 |
| Tysnes skule | 1-10 | 259-320 |

Alternativ 3 – Drift ved 3 skular

| Alternativ 3a | Årssteg | Elevtal 2011-2025 |
|----------------|---------|-------------------|
| Tysnes skule | 1-10 | 243-290 |
| Onarheim skule | 1-6 | 18-30 |
| Lunde skule | 1-6 | 14-27 |

| Alternativ 3b | Årssteg | Elevtal 2011-2025 |
|----------------|---------|-------------------|
| Tysnes skule | 5-10 | 163-201 |
| Uggdal skule | 1-4 | 86-120 |
| Onarheim skule | 1-6 | 18-30 |



5.2. VURDERING AV SENTRALE MOMENT FOR KVAR SKULE

I dette underkapittelet vert alternative skulestrukturar vurdert i høve til sentrale moment for kvar skule.

5.2.1. Vurdering av sentrale moment for Lunde skule

Skulestorleik/skuletype: Lunde skule har 21 elevar skuleåret 2010/11 og elevtalet vil venteleg verte under 20 elevar gjennom mange år i prognoseperioden. Elevtalet stige noko mot slutten av prognoseperioden.

Dette er i nasjonal samanheng eit særst lite skulemiljø. Både fagmiljøet og elevmiljøet er sårbart. Særleg for dei elevane med få jamnaldrande, kan det verte vanskeleg sosialt. Dersom skulen vert oppretthalden bør ein knytte skule og barnehage tettare saman gjennom ei oppveksttunløysing. Dette kan vere ei god løysing for å etablere eit større miljø på Lunde. Det er mykje ledig kapasitet i skuleanlegget, og det vil vere mogeleg å gjere deler av skuleanlegget om til barnehageareal. Overgangen frå barnehage til skule vert trygg for dei barna som har plass i barnehagen. Ulempa med ei slik løysing, er at det fort kan verte meir barnehage enn skule i skulen eller meir skule enn barnehage i barnehagen. Om skulen vert vidareført, bør ein kvart år vurdere det sosiale miljøet for dei eldste elevane. Dersom det er få elevar eller det er andre særskilde tilhøve, bør dei få tilbod om overføring til Tysnes skule.

Fysisk læringsmiljø: Lunde skule er bygd ut i fleire byggjesteg og det er dårlege kommunikasjonsliner i bygget. Likevel er læringsareala tilfredsstillande. Skulen har eit godt uteområde og nyttar nærområdet mykje som læringsarena.

Pedagogiske moment/konsekvensar for dei tilsette: Det er få tilsette både på skulen og i barnehagen på Lunde. Dette gjer miljøet sårbart i høve det sosiale og faglege miljøet på skulen. Tett samarbeid mellom skule og barnehage kan resultere i ei betre og meir fleksibel utnytting av personalet - samt gje dei tilsette eit større sosialt og pedagogisk miljø.

Skuleskyss/reisetid: Allereie i dag (2010/11) har 8 av dei 21 elevane rett på skyss på grunn av farleg skuleveg. Vegen til Våge har grei standard og reisetida vil vere akseptabel for alle elevane frå Lunde både til Tysnes skule og til Uggdal skule. Dersom elevane skal skyssast til Uggdal/Tysnes er det viktig at skuleskyssen vert organisert på ein slik måte at elevane får minst mogeleg ventetid både før og etter skulen, og at skyssen vert opplevd trygg for elevane.

Skulen sin plass i lokalsamfunnet: Lunde skule har ein sentral plass i lokalsamfunnet, med mykje aktivitet i skulelokala utanom skuletida. Nedlegging av skulen kan medføre at Lunde skulekrins vert mindre attraktiv som bustadområde for barnefamiljar. Det er elles lite eller ingen dokumentasjon på at det er ein samanheng mellom skulenedlegging og



fråflytting. Skulenedlegginga er ofte ein konsekvens av eit stadig mindre barne- og elevtal som skuldast tidlegare fråflytting i skulekrinsen og nærmiljøa.

For Lunde skule er følgjande strukturtiltak foreslått:

- Alternativ 0/3a : Skulen består som i dag.
- Alternativ 1: Skulen vert lagt ned og elevane overført til Tysnes skule
- Alternativ 2a/b: Skulen vert lagt ned og elevane overført til Uggdal og Tysnes skular.

Lunde skule er den skulen som vert “hardast råka” i dei alternative strukturløysingane som vert presentert i denne planen. Det er særleg kombinasjonen lågt elevtal, gammalt skulebygg, nærleik til Tysnes skule og god skuleveg mot Våge som gjer at denne skulen kjem “dårleg” ut i dei vurderingane av alternative strukturløysingane seinare i planen.

5.2.2. Vurdering av sentrale moment for Onarheim skule

Skulestorleik/skuletype: Onarheim skule har 22 elevar skuleåret 2010/11 og elevtalet vert under 20 elevar tidleg i prognoseperioden. Etter skuleåret 2015/16 vil elevtalet stabilisere seg rundt 25 elevar. Tilliks med Lunde skule, er også dette skulemiljøet lite og sårbart. Om kommunen vel vidareføring av dagens situasjon, bør kommunen vurdere ei tettare kopling mellom skulen og barnehage eller organisera barnehagen som ei pedagogisk underavdeling til ein eventuell sentralbarnehage i Uggdal. Dette kan gjere at barnehagen styrker høve til å rekruttera pedagogisk personale. Det kan vere mogeleg at barnehagen på Onarheim i større grad kan nytte barnehagepersonale frå Uggdal- og omvendt.

Dersom det er få elevar eller det er andre særskilde tilhøve, bør dei få tilbod om å kunne flytte over til eit større skulemiljø.

Fysisk læringsmiljø: Onarheim skule har gode læringsareal og kan tilby elevane eit godt fysisk læringsmiljø. Det er potensiale for forbetring av utearealet.

Skuleskyss/reisetid: Allereie i dag har 14 av dei 22 elevane på skulen rett på skyss på grunn av avstand til skulen. Vegen til Uggdal er til dels dårleg og kan opplevast som utrygg for elevane. Vegen mellom Onarheim og Uggdal, vert vurdert som den dårlegaste av alle skulevegane lokalt. For mange av elevane vil skulevegen til Uggdal/Tysnes vere lang. Dersom elevane skal skyssast til Uggdal/Tysnes er det viktig at skuleskyssen vert organisert på ein slik måte at elevane får minst mogeleg ventetid både før og etter skulen, og at skyssen vert opplevd trygg for elevane.

Pedagogiske moment/konsekvensar for dei tilsette: Det er få tilsette både på skulen og i barnehagen på Onarheim. Dette gjer miljøet sårbart i høve sosiale og fagleg utvikling, med lite fleksibilitet ved t.d. sjukdom. Tett samarbeid mellom skule og barnehage vil kunne føre til meir fleksibel utnytting av personalet, samt gje dei tilsette eit større sosialt og pedagogisk miljø.



Skulen si tyding for lokalsamfunnet: Onarheim skule har ein sentral plass i lokalsamfunnet, med mykje aktivitet i skulelokala utanom skuletida. Nedlegging av skulen vil kunne føre at Onarheim skulekrins vert mindre attraktiv som bustadområde for barnefamiljar. Sjølv om skulen er viktig for lokalsamfunnet, vil det aldri vere rett å sette lokalsamfunnet sine behov for ein skule, framfor den enkelte elev sin rett på eit pedagogisk og sosialt godt skuletilbod.

For Onarheim skule er følgjande strukturtiltak foreslått:

- Alternativ 0: Skulen består som i dag.
- Alternativ 1: Skulen vert lagt ned og elevane overført til Tysnes skule
- Alternativ 2a: Skulen vert lagt ned og elevane overført til Uggdal og Tysnes skular
- Alternativ 2b / 3a / 3b : Skulen består som i dag.

5.2.3. Vurdering av sentrale moment for Uggdal skule

Skulestorleik/skuletype: Det er venta at skulen vil ha eit elevtal på mellom 80 og 100 elevar i tida fram mot 2025, dersom den består som i dag. Dette er eit høgt nok elevtal til å kunne forsvare å oppretthalde skuledrifta på ein 1-4 skule ut frå eit pedagogisk synspunkt. Skulen har ein berekna kapasitet på om lag 100 elevar på 1.-4.årssteg. Og har dermed plass til å ta imot alle elevane i Tysnes kommune på desse årsstega, jmf. alternativ 2a. Å knytte skule og barnehage tettare saman ved å etablere oppvekststun kan vere ei løysing for å etablere eit større fagmiljø blant dei tilsette på Uggdal. Det å kombinere barnehagen opp mot 1-4-årssteg kan skape betre overgangar mellom barnehage- skule. Ein kan lage seg gode rutinar på oppfølging av barnet fagleg og sosialt frå tidleg barnehage og vidare inn i skulen. Det er og høve til å nytte kompetansen førskulelærer/ lærar på nye og betre måtar ved ein slik struktur. Kanskje kan det å spisse kompetansen til personalet inn mot eit mindre aldersspekter vere ein nyttig vri i høve kvalitetsutvikling.

Fysisk læringsmiljø: Uggdal skule har fine og tenelege lokalar og kan tilby elevane eit godt fysisk læringsmiljø. Skulen er svært godt tilpassa skuleverksemda for 1.-4.årssteg. Dersom skulen skal bli 1-7-skule bør barnehagen flyttast slik at skulen får tilgang på spesialrom. Utearealet på Uggdal skule bør leggjast betre til rette for dei ulike aldersgruppene.

Pedagogiske moment/konsekvensar for dei tilsette: Sjølv om Uggdal skule ikkje er like liten som Lunde og Onarheim, er det også her eit relativt lite fagleg miljø for dei tilsette. Tett samarbeid mellom skule og barnehage vil kunne gje dei tilsette eit større sosialt og pedagogisk miljø, samt føre til meir fleksibel utnytting av personalet.

Skuleskyss/reisetid: I dag har 76 av dei 79 elevane på skulen rett på skyss, dei fleste på grunn av avstand til skulen og nokre grunna farleg skuleveg. Vegstandarden er grei og ingen elevar vil få for lang reisetid dersom dei skal skyssast til Tysnes skule.

Skulen si tyding for lokalsamfunnet: Uggdal skule har ein sentral plass i



lokalsamfunnet, med mykje aktivitet i skulelokala utanom skuletida. Om det vert skuledrift eller barnehagedrift på Uggdal skule i framtida, vil bygget kunne halde fram med den posisjonen den har i lokalsamfunnet i dag.

For Uggdal skule er følgjande strukturtiltak foreslått:

- Alternativ 0: Skulen består som i dag.
- Alternativ 1/2b/3a: Skulen vert lagt ned og elevane overført til Tysnes skule.
- Alternativ 2a: Skulen består som i dag, men med alle elevar på 1.-4.årssteg i kommunen.
- Alternativ 3b : Som i dag + elevar frå Lunde skule

5.2.4. Vurdering av sentrale moment for Tysnes skule

Skulestorleik/skuletype: Med omsyn til skulestorleik og skuletype vil Tysnes skule få ein god struktur om han vert sentralskule for heile kommunen.

Fysisk læringsmiljø: Tysnes skule har areal av varierende tilstand og kvalitet. Uansett kva skulestruktur som vert valt, vil det vere trong for oppgradering av barneskuledelen. Dersom skulen får auka elevtal vil ein måtte byggje ut. Utearealet på skulen bør leggjast betre til rette for dei ulike aldersgruppene, men sonedelinga mellom barneskule og ungdomsskule er god.

Pedagogiske moment/konsekvensar for dei tilsette: Det vert vurdert som ein fordel at det pedagogiske personalet på Tysnes skule har ein viss storleik, slik at fagkompetanse kan utnyttast på ein mest mogleg hensiktsmessig og fleksibel måte.

Skuleskyss/reisetid: I dag har 143 av dei 206 elevane på skulen rett på skyss, dei fleste på grunn av avstand til skulen og nokre grunna farleg skuleveg. Uansett skulestruktur vil mange av skulen sine elevar vere avhengig av skyss. Ein del av elevane har lang reisetid til skulen, på til dels dårlege vegar.

Skulen si tyding for lokalsamfunnet: Tysnes skule, idrettsplassen og Tysneshallen med har ein sentral plass i lokalssamfunnet i Våge, samtidig som anlegget samla dekkjer ein funksjon for heile kommunen. Med betre tilrettelegging kan skule- og idrettsanlegget bli ein arena for grunnskule, idretts- og kulturskule for barn 1. – 10. årsteg frå heile kommunen. Dette vil og kunne gjere Våge til ein meir attraktiv bustadplass i kommunen og bidra til senterutvikling i Våge.



5.3. SAMLA VURDERING AV ALTERNATIVE SKULESTRUKTURAR

5.3.1. Økonomiske føresetnader

Dei økonomiske konsekvensane i denne planen er tufta på slike føresetnader;

- Nybygg / tilbygg nyttar kalkylane frå ABO arkitektar i høve arealbehov og kostnader i dei økonomiske vurderingane. Nybygg kostnader inkluderer noko inventar/ utstyr og tilrettelegging av uteområde. Her er prisane inklusiv mva.
- Kulturskulen er vidareført med areal i samband med utbyggingsalternativ ved Tysnes skule
- Sentralbarnehagen (6 avdelingar) nyttar også ABO arkitektar sitt kostnadsgrunnlag
- Ombyggingskostnader for Tysnes skule er sett til kr. 5 000 pr. m² og gjeld mindre ombyggingar av barneskulen (300 m²) og spesialrom (427 m²) ved ungdomsskulen. Dette behovet vert vidareført som behov i alle alternativ. Norconsult har vurdert dette behovet.
- Tysnes skule har i dag eit bruttoareal (BTA) på om lag 3 867 m². I alle alternativ er eksisterande gymsalsbygg med tilleggsfunksjonar (396 m²), symjehallen (718 m²) og tilfluktsrommet (247 m²) ikkje vidareført som læringsareal. Nyttbart areal i Tysnes skule vert etter dette 2 506 m² BTA.
- Rehabilitering av symjehallen er ikkje inkludert i kostnadsoverslaga.
- Driftstal og innsparingar tek utgangspunkt i budsjett 2011, slik at alternativ 0 fungerer også som samanlikningsår.
- Ved kapitalkostnader (renter og avdrag på lån) er det lagt til grunn ein årleg kostnad på kr. 75.000,- pr. investert million. Dette talet er framkome ved å rekne avskrivning over 40 år (jfr. kommunal rekneskapsforskrift) og 5% lånerente i heile perioden.
- Arealbehovet til Tysnes skule er tufta på ABO arkitekter sine areal- og kostnads kalkyler for utbyggingsalternativ 2 ved Tysnes skule. Denne samsvarar ikkje med framlegg til rettleiande arealnorn i planen.
- Tomtekostnader er ikkje medrekna
- Tysnes kommune har rekna ut årlege driftskonsekvensar i høve kvart alternativ.
- Inntekter ved evt. sal av frigjorte skuleanlegg er ikkje vurdert.
- FDV kostnader (Forvaltning, drift og vedlikehald) er utrekna etter ein m² pris på 600 kr.
- Innsparing frå FDV kostnader knytt til dei kommunale barnehagane er ikkje synleggjort i tabellane nedanfor.




5.3.2. Alternativ 0 – Dagens situasjon - Drift på 4 skular

Strukturtiltak

Alternativ 0 er vidareføring av dagens skulestruktur og inneber ingen strukturtiltak. Ei eventuell tilbakeføring av elevane på 7.årssteg til Lunde og Onarheim skular gjev heller ingen endra delingstal i desse skulane.

Alternativet inneber byggjing av ny frittståande barnehage i kommunen.



Bygningsmessige tiltak

| Bygg | Bygningsmessige tiltak |
|----------------|----------------------------|
| Tysnes skule | Rehabilitering / ombygging |
| Onarheim skule | Nei |
| Lunde skule | Nei |
| Uggdal skule | Nei |
| Barnehage | Nybygg |

Investeringskostnad – Alternativ 0

| Alternativ 0 | Dimensjonerande elevtal | Bygningsareal | | | Investeringskostnad | | Merknad |
|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-----------------------|----------------------|---------------------|-----------------------------|--|
| | | Samla arealbehov BTA m2 | Nyttbart areal BTA m2 | Nybygg eller tilbygg | Nybygg | Rehabilitering og ombygging | |
| Tysnes skule | 200 - 210 | 2500 | 2506* | 0 | 0 | 3 635 000 | Rehabilitering overflater 300 m2 barnesteg + 427 m2 spesialrom |
| Uggdal skule | 80 - 110 | 1600 | 2129 | 0 | 0 | 0 | Investert 14 mill NOK i 2010 |
| Lunde skule | 20 - 30 | 450 | 1036 | 0 | 0 | 0 | Ingen behov på kort sikt |
| Onarheim skule | 20 - 30 | 450 | 1305 | 0 | 0 | 0 | Investert 8 mill NOK i 2010 |
| Ny barnehage | 170 | 910 | | 910 | 25 000 000 | | 5,2 - 5,5 m2 BTA pr barn |
| Samla investeringsbehov | | | | | 28 635 000 | | |

Alternativet inneberer investeringar til naudsynt rehabilitering og ombygging av Tysnes skule på nær 3,6 mill NOK og bygging av ny barnehage i kommunen til 25 mill NOK – samla investeringsbehov på om lag 28,6 mill NOK.

Det er kostnadar til barnehage som utgjer brorparten av investeringsbehovet.

Årlege rente- og kapitalkostnader ved denne løysinga vert kostnadsrekna til om lag 2,1 mill. NOK pr. år (40 år). Alternativet inneberer vidareføring av allereie utførte investeringar ved Uggdal og Onarheim skular.

Rehabilitering og ombyggingskostnadane gjeld i hovudsak overflatearbeider knytt til areal i eksisterande barneskuledel og spesialromma ved ungdomsskulen.





5.3.3. Alternativ 1 – Felles kombinert 1-10 skule på Tysnes

Strukturtiltak

Alternativ 1 er sentraliseringsalternativet av desse 6 strukturalternativa. Heile grunnskuletilbodet i kommunen vert samla på Tysnes skule som ein felles 1-10 skule. Dette alternativet inneberer flest skulenedlegingar (Lunde, Onarheim og Ugddal skular).

Ugddal skule vert i dette alternativet omgjort til ny felles sentralbarnehage for heile kommunen (utanom Onarheim).





Bygningsmessige tiltak

| Bygg | Bygningsmessige tiltak |
|----------------|-----------------------------------|
| Tysnes skule | Nybygg, rehabilitering, ombygging |
| Onarheim skule | Nei |
| Lunde skule | Nei |
| Uggdal skule | Barnehage |

Investeringskostnad - Alternativ 1

Alternativet inneberer investeringar ved Tysnes skule. Nybygg og ombygging er naudsynt for å tilpasse skulen til eit elevtal opp mot 350 elevar og alternativet vert av ABO arkitekter kostnadsrekna til om lag 41,7 mill. NOK. I tillegg kjem rehabilitering av eksisterande areal med litt over 3,6 mill. NOK og tilpassingskostnader i samband med å omgjere Uggdal skule til ny sentralbarnehage på 1,5 mill. NOK – totalt 46,8 mill. NOK.

Årlege kapital- og rentekostnader vil truleg utgjere 3,5 mill NOK pr. år. Alternativet resulterer i at det ikkje er trong for investeringar til ny barnehage.

Kulturskuleføremåla vert vidareført i dette alternativet.


| Alternativ 1 | Dimensjonerande elevtal | Bygningsareal | | | Investeringskostnad | | Merknad |
|-----------------------------|-------------------------|----------------------|----------------|----------------------|-----------------------------|--|---|
| | | Samla arealbehov BTA | Nyttbart areal | Nybygg eller tilbygg | Nybygg / tilbygg (mill NOK) | Ombygging og rehabilitering (mill NOK) | |
| Tysnes skule | 320 - 350 | 3852 | 2506* | 1346 | 41 700 000 | 3 635 000 | Kalkyle ABO arkitekter inkl kulturskule og uteområde (eks. riving og uteområde) |
| Uggdal skule vert barnehage | 170 | | | | | 1 500 000 | Kalkyle ABO arkitekter - Tilrettelegging innbu/utstyr/uteområde |
| Samla investeringsbehov | | | | | 46 835 000 | | |




5.3.4. Alternativ 2a– Drift på 2 skular – Tysnes skule 5-10 og Uggdal skule 1-4

Strukturtiltak

Alternativ 2a gir kommunen to skular i drift – Uggdal skule på 1.-4.årssteg og på Tysnes skule på 5.-10. årssteg. Onarheim og Lunde skular vert nedlagt og småskulestege vert overført til Uggdal skule, medan mellom- og ungdomssteget vert overført til Tysnes skule.




Elevtalsprognose stukturalternativ 2a
Tysnes skule 5-10
(for elevar frå heile kommunen)





Elevtalsprognose stukturalternativ 2a
Uggdal skule 1-4
(for elevar frå heile kommunen)



Bygningsmessige tiltak

| Bygg | Bygningsmessige tiltak |
|--------------|------------------------------------|
| Tysnes skule | Nybygg, rehabilitering / ombygging |
| Onarheim | Nei |
| Lunde skule | Nei |
| Uggdal skule | Nei |
| Barnehage | Nybygg |

Kostnadsoverslag Alternativ 2a

Alternativet inneberer ei samla investering i overkant av 41,0 mill NOK. Over halvparten av investeringa er knytt til bygging av ny barnehage. Vidare vil det vere noko behov for auka areal ved Tysnes skule kombinert med rehabilitering og ombygging. Denne investeringa gjev litt over 3 mill. NOK i årlege kapital- og rentekostnadar.


| Alternativ 2a | Dimensjonerande elevtal | Bygningsareal | | | Investeringskostnad | | Merknad |
|--------------------------------|-------------------------|----------------------|----------------|----------------------|---------------------|-----------------------------|---|
| | | Samla arealbehov BTA | Nyttbart areal | Nybygg eller tilbygg | Nybygg og ombygging | Rehabilitering og ombygging | |
| Tysnes skule | 210-230 | 2906 | 2506 | 400 | 12 400 000 | 3 635 000 | Kalkyle ABO arkitekter inkl kulturskule og uteområde (eks. riving og uteområde) |
| Uggdal skule | 130-150 | 2142 | 2129 | 0 | 0 | 0 | Ingen behov |
| Ny barnehage | 170 | 910 | | 910 | 25 000 000 | | 5,2 - 5,5 m2 BTA pr barn |
| Samla investeringsbehov | | | | | 41 035 000 | | |




5.3.5. Alternativ 2b– Drift på 2 skular: Tysnes skule 1-10 og Onarheim skule 1-6

Strukturtiltak

Skuletilbodet for dei fleste av elevane i kommunen er samla på Tysnes skule gjennom heile grunnskulen. Elevane frå Onarheim skulekrins går på Onarheim skule på 1.-6-årssteg. Ugddal skule vert omgjort til barnehageføremål og elevmassen vert overført til Tysnes skule. Lunde skule vert også lagt ned og elevane overført til Tysnes skule.




Elevtallsprognose strukturalternativ 2b
Tysnes skule 1-10
(for elevar frå Ugddal, Reksteren og Lunde)





Elevtallsprognose strukturalternativ 2b
Onarheim skule 1-6



Bygningsmessige tiltak

| Bygg | Bygningsmessige tiltak |
|----------------|------------------------------------|
| Tysnes skule | Nybygg, rehabilitering / ombygging |
| Onarheim skule | Nei |
| Lunde skule | Nei |
| Uggdal skule | Barnehage |

Kostnadsoverslag – Alternativ 2b

Alternativet inneberer ei samla investering på 41,1 mill. NOK for å dimensjonera og tilpassa Tysnes skule for 330 elevar. Alternativet medfører at Uggdal skule vert nytta til barnehage og det er kun behov for mindre investeringar knytt til enkel ombygging og noko nytt innbu og utstyr. Årlege kapital- og rentekostnadar vil utgjere om lag 3,1 mill. NOK pr. år.

| Alternativ 2b | Dimensjonerande elevtal | Bygningsareal | | | Investeringskostnad | | Merknad |
|--------------------------------|-------------------------|----------------------|----------------|----------------------|---------------------|-----------------------------|---|
| | | Samla arealbehov BTA | Nyttbart areal | Nybygg eller tilbygg | Nybygg og ombygging | Rehabilitering og ombygging | |
| Tysnes skule | 310-330 | 3666 | 2506 | 1160 | 35 960 000 | 3 635 000 | Kalkyle ABO arkitekter inkl kulturskule og uteområde (eks. riving og uteområde) |
| Onarheim skule | 20-30 | 1060 | 1305 | 0 | 0 | 0 | Ingen behov |
| Uggdal skule vert barnehage | 170 | | | | | 1 500 000 | Kalkyle ABO arkitekter - Tilrettelegging innbu/utstyr/uteområde |
| Samla investeringsbehov | | | | | 41 095 000 | | |




5.3.6. Alternativ 3a– Drift på 3 skular: Tysnes skule 1-10, Lunde skule 1-6 og Onarheim skule 1-6.


Strukturtiltak

Tysnes skule vert 1-10 skule med elevar frå Tysnes og Ugddal skulekrinsar på småskulesteget (1-4) og felles ungdomssteg for heile kommunen. Alternativet vidarefører eksisterande drift ved Lunde og Onarheim skular.

Ugddal skule vert nedlagt og heile elevmassen vert overført til Tysnes skule. Bygget vert nytta som ny sentralbarnehage for heile kommunen.




Elevtallsprognose strukturalternativ 3a
Tysnes skule 1-10
(for elevar frå Tysnes, Ugddal og Reksteren)






Elevtallsprognose strukturalternativ 3a
Onarheim skule 1-6



Elevtallsprognose strukturalternativ 3a
Lunde skule 1-6



Bygningsmessige tiltak

| Bygg | Bygningsmessige tiltak |
|----------------|------------------------------------|
| Tysnes skule | Nybygg, rehabilitering / ombygging |
| Onarheim skule | Nei |
| Lunde skule | Nei |
| Jggdal skule | Barnehage |

Kostnadsoverslag – Alternativ 3a

Alternativet vil ha trong for eit investeringsbehov på om lag 37 mill. NOK. Investeringa vert utført ved Tysnes skule som nybygg og ombygging av eksisterande funksjonar i skulen.

Uggdal vert omgjort til barnehageføremål, slik at det ikkje er trong for store investeringar til dette føremålet i dette alternativet.

| Alternativ 3a | Dimensjonerande elevtal | Bygningsareal | | | Investeringskostnad | | Merknad |
|-----------------------------|----------------------------|----------------------------|-------------------|-------------------------|------------------------|--------------------------------|---|
| | | Samla arealbehov BTA | Nyttbart areal | Nybygg eller tilbygg | Nybygg og ombygging | Rehabilitering og ombygging | |
| Tysnes skule | 280-300 | 3534 | 2506 | 1028 | 31 868 000 | 3 635 000 | Kalkyle ABO arkitekter inkl kulturskule og uteområde (eks. riving og uteområde) |
| Lunde skule | 20 - 30 | 450 | 1036 | 0 | 0 | 0 | Ingen behov |
| Onarheim skule | 20 - 30 | 450 | 1305 | 0 | 0 | 0 | Ingen behov |
| Uggdal skule vert barnehage | 170 | | | | | 1 500 000 | Kalkyle ABO arkitekter - Tilrettelegging innbu/utstyr/uteområde |
| Samla investeringsbehov | | | | | 37 003 000 | | |

Dette alternativet gjev over 2,7 mill. NOK i årlege rente- og kapitalkostnadar.




5.3.7. Alternativ 3b– Drift på 3 skular: Tysnes skule 5-10, Uggdal skule 1-4 og Onarheim skule 1-6.


Strukturtiltak

Dette alternativet medfører at Lunde skule vert lagt ned og elevane vert overført til Uggdal skule på småskulesteget medan elevane på mellom- og ungdomssteget vert overført til Tysnes skule.

Alternativet inneber at kommunen må byggja ny barnehage.




Elevtalsprognose stukturalternativ 3b
Tysnes skule 5-10
(for elevar frå Tysnes, Uggdal, Reksteren og Lunde)






Elevtallsprognose stukturalternativ 3b Uggdal skule 1-4 (for elevar frå Uggdal, Tysnes, Reksteren og Lunde)



Elevtallsprognose stukturalternativ 3b Onarheim skule 1-6



Bygningsmessige tiltak

| Bygg | Bygningsmessige tiltak |
|----------------|------------------------------------|
| Tysnes skule | Nybygg, rehabilitering / ombygging |
| Onarheim skule | Nei |
| Lunde skule | Nei |
| Uggdal skule | Nei |
| Barnehage | Nybygg |

Kostnadsoverslag – Alternativ 3b

| Alternativ 3b | Dimensjonerende elevtal | Bygningsareal | | | Investeringskostnad | | Merknad |
|-------------------------|-------------------------|----------------------|----------------|----------------------|---------------------|-----------------------------|---|
| | | Samla arealbehov BTA | Nyttbart areal | Nybygg eller tilbygg | Nybygg og ombygging | Rehabilitering og ombygging | |
| Tysnes skule | 190-220 | 2844 | 2506 | 338 | 10 478 000 | 3 635 000 | Kalkyle ABO arkitekter inkl kulturskule og uteområde (eks. riving og uteområde) |
| Uggdal skule | 80 - 110 | 1660 | 1655 | 0 | 0 | 0 | Ingen behov |
| Onarheim skule | 20 - 30 | 450 | 1305 | 0 | 0 | 0 | Ingen behov |
| Ny barnehage | 170 | 910 | | 910 | 25 000 000 | | 5,2 - 5,5 m2 BTA pr barn |
| Samla investeringsbehov | | | | | 39 113 000 | | |

Samla investeringsbehov vert vurdert til kr 39,1 mill. NOK. Brorparten av denne kostnaden er knytt til realisering av ny sentralbarnehage i kommunen. Årlege rente- og kaptalkostnadar utgjør 2,9 mill. NOK.



5.4. DRIFTSKOSTNADAR – KONSEKVENSA

Tabellen nedanfor syner driftskonsekvensane for kvart alternativ. Det lagt inn rente- og kapitalkostnader og FDV effekten (forvaltning, drift og vedlikehald) i dei einiskilde alternativa.

Rente- og kapitalkostnadane frå allereie utførte investeringar ved Uggdal og Onarheim skule er ikkje synleggjort i denne tabellen – og ligg allereie inne med heilårsverknad i eksisterande kommunebudsjett. Reksteren skule ligg også inne i 2011 budsjettet med halvårsverknad.

Tabellen byggjer på dei økonomiske føresetnadane, slik desse er presentert innleiingsvis i dette kapitlet.

| Drift - Kostnadstype | Alternativ 0 Dagens situasjon Budsjett 2011 | Alternativ 1 | Alternativ 2a | Alternativ 2b | Alternativ 3a | Alternativ 3b |
|---|---|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Tysnes skule | 22 750 000 | 22 750 000 | 22 750 000 | 22 750 000 | 22 750 000 | 22 750 000 |
| Uggdal skule | 6 850 000 | 0 | 6 850 000 | 0 | 0 | 6 850 000 |
| Lunde skule | 3 500 000 | 0 | 0 | 0 | 3 500 000 | 0 |
| Onarheim skule | 2 900 000 | 0 | 0 | 2 900 000 | 2 900 000 | 2 900 000 |
| Auka kostnader tal klassar (kr. 1,3 mill pr klasse) | 0 | 1 300 000 | 2 600 000 | 1 300 000 | | 1 300 000 |
| Overføring elevar frå Uggdal skulekrins | | 6 850 000 | | 6 850 000 | 6 850 000 | |
| Auka skysskostnader i høve alt 0 | 0 | 325 000 | 310 000 | 150 000 | 0 | 150 000 |
| Kostnad | 36 000 000 | 31 225 000 | 32 510 000 | 33 950 000 | 36 000 000 | 33 950 000 |
| Brutto innsparing i høve alternativ 0 | 0 | 4 775 000 | 3 490 000 | 2 050 000 | 0 | 2 050 000 |
| Kapital- og rentekostnad inkl barnehage | 2 147 625 | 3 512 625 | 3 077 625 | 3 082 500 | 2 775 000 | 2 932 500 |
| Økte FDV kostnader / økt bygningsmasse | 546 000 | 807 600 | 786 000 | 696 000 | 616 800 | 748 800 |
| Reduserte FDV kostnader / mindre bygningsmasse | 0 | 1 495 200 | 1 495 200 | 621 600 | 0 | 621 600 |
| Total kostnad | 38 693 625 | 34 050 025 | 34 878 425 | 37 106 900 | 39 391 800 | 37 009 700 |
| Rimelegare enn alternativ 0 | | -4 643 600 | -3 815 200 | -1 586 725 | 698 175 | -1 683 925 |

Alternativ 0

Bygging av ny barnehage (25 mill.) og noko rehabilitering av Tysnes skule (3,6 mill.) gjev relativt omfattande investeringskostnader – også om ein vel å vidareføra dagens skulestruktur. Det er barnehageføremålet som driv rente- og kapitalkostnadane opp i dette alternativet og kommunen kan rekne med ein auke i driftskostnadane på over 2,6 mill. NOK årleg.

Alternativ 1

Ikkje uventa er det alternativ 1 som gjev størst brutto innsparing i høve dagens situasjon (alternativ 0) med nær kr. 4,8 mill. årleg. Ei slik innsparing i drifta dekker også rente- og kapitalkostnadane ved dei samla investeringane i dette alternativet. Vidare vil FDV kostnadane samla sett reduserast som følgje av drift i mindre bygningsmasse. Det er lagt inn 1,3 mill kroner i auka kostnader knytt til 1 ekstra klasse på ungdomssteget.



Dette alternativet er 4,6 mill. NOK rimelegare enn om ein vel løysingane i dagens situasjon.

Alternativ 2a

Dette alternativet gjev også ei netto innsparing for kommunen, etter at rente- og kapitalkostnadane er trekt frå investeringane. Tiltak i dette alternativet er 3,8 mill. rimelegare enn om ein vidarefører tiltaka i alternativ 0. Bygging av ny frittståande barnehage utgjør hovedtyngden av dei samla investeringane i dette alternativet.

Alternativ 2b

Dette alternativet har om lag same investeringsnivå som 2a, men har noko lågare brutto innsparing enn alternativ 2a. Rente- og kapitalkostnadane utgjør i overkant av kr. 3,0 mill. årleg og er knytt til nybygg og rehabilitering av Tysnes skule. Dette alternativet er om lag kr 1,6 mill rimelegare enn om ein vel tiltak i dagens skulestruktur.

Alternativ 3a

Dette alternativet gjev auka kostnadar for Tysnes kommune og er det "dyraste" strukturalternativet i planen. Årlege rente- og kapitalkostnadar utgjør i overkant av 2,7 mill. kroner.

Alternativ 3b

Alternativet gjev brutto innsparing i skuledrifta på kr. 1,7 mill. i høve skulebudsjettet i 2011.



5.5. ARBEIDSGRUPPA SI TILRÅDING

Det er brei semje i arbeidsgruppa om at skal skulen på Tysnes oppretthalda kvaliteten så må skulestrukturen endrast slik at resursane blir brukt på ein optimal måte. Dette kan berre oppnåast ved at skular blir slått saman gitt at ikkje skuleområdet blir styrka på bekostning av andre område i kommunen.

Innad i arbeidsgruppa er det samtidig usemje om kor langt og fort ein skal gå fram. Vidare er det også ei viss usemje om kva alternativ som tener skulen best på lengre sikt.

Arbeidsgruppa er klar på at det er kvalitetsnivået på undervisningstilbodet i Tysnesskulen er avhengig av at noverande driftsnivå vert oppretthalde. Med den nedgangen i elevtalet som prognosane syner for dei næraste åra vil kommunen sine inntekter bli redusert monaleg. Ein må heilt fram til skuleåret 2021/2022 for å finna eit elevtal som genererar like store kommunale inntekter som dagens elevtal gjer. I dei ti åra som ligg mellom dette vil dei årlege inntektene bli redusert med frå ca kr. 2 mill i 2012 til over 5 mill i 2016 som markerar botnnivå. Kommunen står dermed overfor ei formidabel oppgåve dersom kvaliteten på undervisningstilbodet skal kunne oppretthaldast.

Om ein verkeleg tek dei økonomiske konsekvensane inn over seg, er det i røynda berre alternativ 1 med Tysnes skule som sentralskule for heile kommunen som reelt sett vil kunne sikra eit kvalitativt undervisningstilbod på line med dagens nivå for alle elevane i kommunen.

Arbeidsgruppa er som nemnd delt med omsyn på kor fort ein skal ta steget fullt ut. Både tilsette og foreldre kan ha behov for at prosessen får utvikla seg over tid. Spørsmålet vil i så fall vera; kor lang tid har me?

Det er også delt syn i arbeidsgruppa med omsyn til å dela skulen i to etter alt 2a. (Tysnes og Uggdal skule). Ved å gå for dette alternativet vil det vera svært lite sannsynleg at kommunen på noko tidspunkt vil enda opp med ein sentralskule for alle elevane. Noko som gjer det vanskeleg å ta ut heile sparepotensialet i overskueleg framtid.

Eit val av alternativ 2b derimot (Tysnes og Onarheim skule) vil gje politikarane høve til å enda opp med ein sentralskule og dermed kunna ta ut heile innsparingspotensiale når ein bestemmer seg for dette. Arbeidsgruppa meiner elles at ein må sikra tenelege og framtidige lokalar for kulturskulen. Dette kan berre gjerast gjennom ei utbygging/oppgradering av Tysnes skule.

Arbeidsgruppa tilrår kommunestyret å prioritere mellom alternativ 1, 2a og 2b som langsiktige og framtidretta løysingar for Tysnes kommune slik;

| | | | | |
|---------------|---|--------------------------|---|--------------------|
| Alternativ 1 | : | Drift ved 1 sentralskule | : | Tysnes skule |
| Alternativ 2a | : | Drift ved 2 skular | : | Tysnes og Uggdal |
| Alternativ 2b | : | Drift ved 2 skular | : | Tysnes og Onarheim |



Figuren under syner dei tre strukturalternativ som arbeidsgruppa meiner Tysnes kommune bør vidareføre som moglege framtidige løysingar.

| ALTERNATIV 1 : 1 skule Tysnes 1-10 | ALTERNATIV 2a : 2 skular Tysnes 5-10 og Uggdal 1-4 | ALTERNATIV 2b : 2 skular Tysnes 1-10 og Onarheim 1-6 |
|---|---|---|
| Felles 1-10 barne- og ungdomsskule for heile kommunen på Tysnes skule. Nedlegging av Uggdal, Lunde og Onarheim skular. | Uggdal skule vert felles skule for heile småskulesteget i kommunen. Tysnes skule vert felles skule for heile mellomsteget og ungdomsteget | Tysnes vert kombinert 1-10 skule for heile kommunen utanom Onarheim skulekrins. Nedlegging av Lunde skule og omgjering av Uggdal skule til sentralbarnehage |
| Barnehage | Barnehage | Barnehage |
| Uggdal skule vert omgjort til ny sentralbarnehage for heile kommunen med vidareføring av eige barnehagetilbod på Onarheim | Bygging av ny barnehage med vidareføring av eige barnehagetilbod på Onarheim | Uggdal skule vert omgjort til ny sentralbarnehage med vidareføring av eige barnhagetilbod på Onarheim |

Generelt: For arbeidsgruppa har desse utviklingsprinsippa stått sentralt i tilrådinga av desse tre hovudalternativa;

- Sikre robuste elev- og fagmiljø som gjev fleksibilitet og reduserer sårbarheita. Store fagmiljø opnar for å utvikle nye samarbeidsformer, samarbeid på tvers, spesialpedagogiske team og ei betre kompetansestyring av personalet.
- Sikre løysingar som gjev ei betre utnytting av kommunen sin samla skule- og elevkapasitet
- Sikre løysingar som samstundes gjev innsparingar og ei meir effektiv utnytting av skulebudsjettet.
- Sikre Kulturskulen sine behov



Spesielt: Arbeidsgruppa har vurdert særskilte fordeler og ulemper for kvart einskild alternativ slik (samanlikna med dagens situasjon);

Alternativ 1

| Fordeler | Ulemper |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Robust elev- og fagmiljø som vert samla på ein skule. Medfører og større sosialt miljø• Skulen vert fulldelt og alle får undervisning på sitt eige årssteg.• Større fagleg breidde i personalet.• Likt skuletilbod for alle elevane i høve ressursbruk• Samordning av fritidstilbod• Rask realisering av ny sentralbarnehage• Nærleik til symjehall, fleirbrukshall og kulturskule• Økonomisk det beste alternativet | <ul style="list-style-type: none">• Skuleanlegget kan verka stort og uoverkommeleg for dei minste elevane.• Lang reisetid for einskilde elevar• Utfordringar knytt til etterbruk av Lunde og Onarheim skule. |

Alternativ 2a

| Fordeler | Ulemper |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Skulane vert fulldelte og alle får undervisning på sitt eige årssteg• Gunstig geografisk plassering med omsyn til reisetid for elevane• Høve til samlokalisering skule/barnehage | <ul style="list-style-type: none">• Må investera i nytt barnehagebygg• Får ikkje samla heile det pedagogiske personalet på ein skule• Kulturskulen som i dag• Utfordringar knytt til etterbruk av Onarheim og Lunde skule• Ikkje nærleik til symjehall, fleirbrukshall for elevane på Uggdal skule |

Alternativ 2b

| Fordeler | Ulemper |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Robust elev- og fagmiljø ved Tysnes skule. Større sosialt miljø ved denne skulen.• Kortare reisetid for Onarheimselevane• Tysnes skule vert fulldelt, og alle elevane der får undervisning på sitt eige årssteg• Rask realisering av ny sentralbarnehage• Nærleik til symjehall, fleirbrukshall og kulturskule for elevane ved Tysnes skule | <ul style="list-style-type: none">• Onarheim skule vert ei lita eining med sårbart fagleg og sosialt miljø.• Problem med å samordna fritidsaktivitetane• Vesentleg dyrare enn alternativ 1 |